


Meld. St. 38

(2015–2016)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 70. ordinære
generalforsamlinga
i Dei sameinte nasjonane (FN)



Innhold

1	Vurderande samandrag	5	3	Tryggingsrådet	22
2	Generalforsamlinga	8	4	Styrking av FN, reform, og aktørar	23
2.1	Generaldebatten	8			
2.2	Høgnivåmøte	9			
2.3	Norske sidearrangement under høgnivåveka	13			
2.4	Generalforsamlingas 1. komité (internasjonal fred og tryggleik)	16	2	Vedlegg	
2.5	Generalforsamlingas 2. komité (økonomiske og sosiale spørsmål)	17	3	Noregs prioriteringar til FNs 70. generalforsamling	25
2.6	Generalforsamlingas 3. komité (menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål)	18	4	Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 70. generalforsamling	31
2.7	Generalforsamlingas 4. komité (særskilte politiske spørsmål)	19	5	Oversikt over norske innlegg under FNs 70. generalforsamling	34
2.8	Generalforsamlingas 5. komité (budsjettspørsmål)	19	6	Programbudsjettet 2016-2017	37
2.9	Generalforsamlingas 6. komité (rettslege spørsmål)	20	7	Topp 10 bidragsytarar til FN (pliktige og frivillige bidrag)	38
2.10	Saker som har gått direkte i plenum i Generalforsamlinga	20	8	FN sine medlemsland og bidragsskalaen	39
				FN-systemet	45
				Forkortinger	46

Meld. St. 38

(2015–2016)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 70. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 12. august 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Rejeringa Solberg)*

1 Vurderande samandrag

Opninga av FNs 70. generalforsamling starta med høgtidsstemning og optimisme. 70-årsjubileet til FN gav opninga eit historisk preg. Talet på statsleiarar frå dei 193 medlemslanda som tok del, var rekordstort. Dei nye berekraftsmåla var vedtekne av FNs medlemsland på eit toppmøte veka før. For å sikre oppfølginga etablerte generalsekretæren i FN ei pådrivargruppe der den norske statsministeren er den eine av to leiarar.

Bakteppet til den 70. generalforsamlinga i FN var utanrikspolitisk turbulens og aukande akutte kriser. Samstundes var hausten 2015 i FN òg prega av viktige diplomatiske gjennombrot: Inngåing av atomavtalen med Iran, semje om finansiering for utvikling i Addis Abeba, vedtaking av dei nye berekraftsmåla og ein mogleg klimaavtale i Paris. Men konfliktane i mellom anna Syria og Libya hadde forverra seg. Situasjonen i Ukraina var fastlåst. Den humanitære krisa i Jemen var veksande, valdsnivået var høgt i Israel og Palestina, fredsprosessen i Sør-Sudan halta, og Burundi utvikla seg i negativ retning. Behovet for å førebyggje valdeleg ekstremisme, setje inn tiltak mot framandkrigarverk-

sem og kjempe mot terroristorganisasjonar som ISIL var svært tydeleg. Omfanget av asyl- og migrasjonsutfordringane, og dei dramatiske humanitære konsekvensane av rekordmange menneske på flukt, var òg ein del av den utfordrande utanriks- og tryggingspolitiske situasjonen.

Med dei alvorlege utfordringane verda står overfor er det behov for eit sterkt og effektivt FN. Etter at FN-pakta vart forhandla fram våren 1945, har Noreg vore ein konsekvent forsvarar av multilaterale løysingar og internasjonalt samarbeid. Dei viktige mellomstatlege avtalane om finansiering for utvikling, berekraftsmåla og klima som medlemslanda i FN forhandla fram i 2015, viser at FN er den nødvendige aktøren og arenaen som verda treng for å fremje utvikling og menneskerettar og for å finne felles løysingar knytte til globale utfordringar. I Addis Abeba sommaren 2015 vart det internasjonal semje om finansiering for utvikling. Her hadde Noreg ei hovudrolle i forhandlingane. Denne semja gav ein positiv giv i forhandlingane om berekraftsmåla. Vedtaket om berekraftsmåla var ein milepål for FN, verda og

Noreg. Høgnivåeka gav eit politisk løft i prosessen fram mot det som seinare skulle bli eit velukka klimatoppmøte i Paris i desember. Heile 187 land hadde meldt inn nasjonale klimamål då Parisavtalen vart inngått. Desse suksessane styrkte FN som den sentrale globale arenaen for felles løysingar, særleg når det gjeld utfordringar som gjeld miljø og utvikling.

Men trass i desse gode resultata i 2015 er FN og den multilaterale ordenen som vi kjenner, under press. FN utformar og held ved lag køyrereglar som er i vår interesse, mellom anna folketretten og havretten. Vi må investere i FN. FN må styrkast som ein mellomstatleg arena og som ein aktør i arbeidet med å løyse globale utfordringar. For å styrke FN si evne til å oppfylle mandatet sitt er det naudsynt å reformere organisasjonen. Dette vert nettopp aktualisert av dei store felles utfordringane verda står overfor på alle hovudområda til FN: fred og tryggleik, menneskerettar og utvikling.

Noreg har arbeidd for at FN skal fungere betre og verte ein meir effektiv og moderne organisasjon. Dette gjeld særleg gjennom prosjektet *FN70: Ein ny dagsorden*, som Noreg sette i gang, der målet er å påverke – og støtte – den neste generalsekretæren i FN i arbeidet med å styrke organisasjonen når det gjeld saker som ho eller han har innverknad på. Vi har òg spelt ei sentral rolle i å støtte initiativet til den noverande generalsekretæren om å gjere FNs fredsoperasjonar betre i stand til å løyse utfordringane som dei står overfor. Utgangspunktet er framlegga frå det uavhengige reformpanelet, som la fram rapporten sin i juni 2015, supplert av ekspertgjennomgangen av FNs fredsbyggingsarkitektur og studien om gjennomføringa av resolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik. Noreg har prioritert arbeidet for å styrke den operasjonelle kapasiteten til FN, mellom anna gjennom bidrag til FNs fredsoperasjonar, til førebyggjande diplomati og konfliktløsing, til styrkt koordinering og samordna innsats på landnivå og støtte til Generalsekretæren sitt initiativ *Human Rights Up Front*. Valdelig ekstremisme, det høge talet på flyktningar og dei mange konfliktane har medverka til at merksemda i stadig større grad vert retta mot dei grunnleggjande årsakene til at samfunn bryt saman. Her står samanhengane mellom respekt for menneskerettane, tryggleik og stabilitet sentralt. Vi har òg spelt ei framståande rolle i å styrke FN si rolle i kampen mot framandkrigarverksemd og valdeleg ekstremisme.

Konfliktane i Syria, Sør-Sudan, Burundi, Libya, Israel og Palestina prega dagsordenen til Tryg-

gingsrådet hausten 2015. Tryggingsrådet til FN var framleis prega av det kjølege tilhøvet mellom Russland og vestlege land. Trass i dette klarte Tryggingsrådet å verte samde på viktige område, til dømes om tiltak mot internasjonal terrorisme/ISIL, skiping av ei gruppe som granskar bruken av kjemiske våpen i Syria og oppfølging av FNs fredsoperasjonar. Resolusjonen om eit politisk vegkart for å løyse konflikten i Syria var eit viktig vedtak. Hausten 2015 markerte vi dessutan at det er 15 år sidan FNs tryggingsrådsresolusjon 1325 om kvinner fred og tryggleik vart vedteken. Det vart sett rekord i talet på innlegg i ein open debatt i Tryggingsrådet.

I september 2015 vart det vedteke å ha ein ny og meir open prosess for val av ny generalsekretær. Presidentane for Generalforsamlinga og Tryggingsrådet tok i fellesskap initiativet til å starte prosessen med val av ny generalsekretær ved å sende ut eit ope, felles brev der dei inviterte kandidatar til å søkje. Våren 2016 vart kandidatane inviterte til opne høyringar som både medlemslanda og sivilsamfunnet tok del i. Av enkeltståande hendingar er nok dette eit av dei viktigaste reformtiltaka for å fornye Generalforsamlinga i FN dei siste åra.

Hausten 2015 var 1. komité om nedrusting prega av eit krevjande forhandlingsklima etter at tilsynskonferansen for ikkje-spreiingsavtalen (NPT) ikkje kom fram til semje året før. Arbeidet i 2. komité for utvikling, miljø og økonomiske spørsmål var på mange måtar ein nedtur etter dei utviklingspolitiske suksessane som gjekk føre sjølv komitéarbeidet, med vedtak av Addis Abeba-agendaen for finansiering av utvikling og dei nye berekraftsmåla. Komiteen vart avslutta fleire veker på overtid etter krevjande forhandlinger, der særleg gruppa av utviklingsland hadde store interne samarbeidsproblem. Gjennom hausten markerte Noreg seg sterkt i 3. komité om menneskerettar, ikkje minst ved å føre fram to viktige resolusjonar om menneskerettsforkjemparar og internt fordrivne til positive utfall. 4. komité, som behandler særskilte politiske spørsmål som Palestina og fredsbevarande og politiske operasjonar, var prega av splitting. Mange resolusjonar vart det ikkje full semje om, og dei vart tekne til avrøyting. I behandlinga av desse resolusjonane i plenum la Noreg i sitt innlegg vekt på den rolla vi har i gjevarlandsgruppa for Palestina, og streka under behovet for at partane må løyse de uteståande økonomiske spørsmåla. 5. komité klarte for første gong på lenge å kome i hamn med forhandlingane av FNs toåriga budsjett før julekvelden. Dette er i seg sjølv ein milepæl og eit

tydeleg teikn på eit betre forhandlingsklima. Fordelinga av bidrag frå medlemslanda til FN for dei neste tre åra er som før, utan nemneverdige endringar, trass i ein skjerpa debatt. I 6. komité,

som behandler rettslege spørsmål, var det høg aktivitet og mange resolusjonar, som alle vart vedtekne ved konsensus.

2 Generalforsamlinga

2.1 Generaldebatten

Generalforsamlinga vert kvart år opna med ein generaldebatt der dei 193 medlemslanda i FN held innlegg. Denne generaldebatten gjev eit innblikk i kva saker dei einskilte landa ønskjer å rette internasjonal merksemad mot. Dei ulike talane frå statsleiarane illustrerte grunnleggjande motsetnader i samfunnssyn og tilnærming til konfliktane i verda, noko som òg kjem til syne i store delar av FN-arbeidet. Samstundes er debatten ein viktig møteplass som gjev høve til å drøfte felles løysingar på utfordringane i verda. Ein fellesnemnar i talane frå stormaktene var behovet for å kome til semje om ein avtale på klimatoppmøtet i Paris i desember 2015.

FNs 70-årsjubileum var ramma for generalforsamlinga i år. Ettersom høgnivådelen av den 70. generalforsamlinga var utvida med toppmøtet om berekraftsmåla, var rekordmange av statsleiarane i verda samla i New York desse dagane i slutten av september. Generalsekretær Ban Ki-moon opna generaldebatten, som vanleg følgt av Brasil og USA. Stemninga i salen var i starten prega av at det på ingen måte er kvardagskost at presidentane Barack Obama, Xi Jinping og Vladimir Putin står på same talarstolen rett etter kvarandre. Dette streka under den unike rolla FN har som møteplass for leiarane i verda.

Mange av talarane delte refleksjonane sine om kva FN har hatt å seie og har oppnådd dei siste 70 åra, og kva utfordringar som ligg framfor oss. Fleire land framheva behovet for å reformere FN, særleg samansetnaden av Tryggingsrådet. Behovet for reform av FNs fredsoperasjonar, med utgangspunkt i rapporten til det uavhengige ekspertpanelet med reformframlegg, vart omtala av fleire land. Mange trekte òg fram kor viktig det er med førebygging og behovet for politiske løysingar, i tillegg til meir effektive fredsbevarande operasjonar. Elles var klima eit tema som dei aller fleste omtala både med uro og forventing fram mot Paris-toppmøtet i desember. Det var fleire som streka under kor viktig det er at landa i verda vert samde om dei nye berekraftsmåla, og særleg var gjennomføringa og finansieringa av måla eit

hovudtema. Samstundes vart det framheva at fred og stabilitet er grunnleggjande for at utvikling skal lukkast. Mange var opptekne av migrasjonsutfordringane som Europa står overfor, og ønskte å finne meir effektive måtar å hjelpe på, samstundes som ein må takle hovudproblemet, nemleg konflikten i Syria. Tysklands utanriksminister Steinmeier streka under at det trengst ei solid europeisk løysing på flyktningsituasjonen, i tillegg til eit godt samarbeid med Tyrkia. Godt naboskap landa imellom, saman med respekt for grensene til kvarandre, er naudsynt. Ekstremisme, krise og konflikt var andre fellesnemnarar i innlegga frå mange land. Forsvar av sivilsamfunnet og vern av menneskerettar vart òg trekt fram av mange, ikkje minst problemet med diskriminering av jenter og kvinner. Ukraina var tema i mange innlegg. EU-president Donald Tusk viste til Russland sitt brot på FN-pakta og folkeretten ved å annektare Krim og intervenere i Aust-Ukraina. Den ukraainske presidenten Petro Poroshenko heldt eit kjensleladde innlegg der han gjekk i rette med den russiske annekteringa av Krim og Donbass.

Konflikten i Midtausten var òg eit tilbakevendande tema i generaldebatten. Den palestinske presidenten Mahmoud Abbas bad den israelske regjeringa om å stanse maktbruken før konflikten går frå å vere ein politisk til å verte ein religiøs konflikt. Den israelske statsministeren Benjamin Netanyahu tok på si side eit kraftig oppgjer med Iran, FN og president Abbas, og dessutan med diverse grupperingar som etter Netanyahu syn går Irans ærend.

I talen sin kom USAs president Barack Obama med eit sterkt forsvar for universelle verdiar, pluralistiske samfunn, folkerett og internasjonalt diplomati. Han meinte at historia viser at undertrykkjande regime er ustabile av natur. Den kinesiske presidenten Xi Jinping la vekt på kor viktig det er med respekt for ulike samfunnsmodellar og samarbeid med grunnlag i prinsippa i FN-pakta om statane sin suverenitet og ikkje-innblanding. Xi kunngjorde monalege bidrag frå Kina til dei fredsbevarande operasjonane og utviklingsaktivitetane til FN. Den russiske presidenten Vladimir

Putin meinte at FN var unik i sin representativitet og legitimitet. Med referanse til kritikken av FNs manglende effektivitet når stormaktene er usamde, meinte han at dette på ingen måte var overraskande eller nytt, og at det var naturleg at dei sterke landa hadde ulike interesser og måtte kome fram til kompromiss.

Statsminister Erna Solberg opna det norske hovudinnlegget med å vise til at FN-pakta har tent verda vel i dei 70 åra som er gått sidan ho vart underteikna. Solberg peikte òg på at vi no dessverre opplever ein periode med ustabilitet, diskriminering og vald, der internasjonale normer vert sett til side. Ho streka under behovet for ein internasjonal orden der rett går føre makt, og la vekt på at ein må finne politiske løysingar på dei mange konfliktane og humanitære krisene i dag.

Solberg uttrykte støtte til det franske initiativet for å få dei faste medlemmene i Tryggingsrådet til å avstå frå å bruke vetoretten i situasjonar der det ligg føre fare for alvorlege brot på menneskerettane. Statsministeren sa vidare at Noreg vil auke støtta si til FNs fredsoperasjonar og medverke til å styrke FN si evne til å hindre konflikt. Solberg kom òg inn mellom anna på helse, utdanning, tiltak mot valdeleg ekstremisme, menneskerettar, berekraftig utvikling og klima. Vidare streka ho under at utviklingslanda må få ei større og viktigare rolle i avgjerdsprosessane i FN.

2.2 Høgnivåmøte

Opninga av FNs generalforsamling er den viktigaste politiske møteplassen i verda, med svært mange møte mellom statsleiarar, utanriksministrar og andre politikarar frå dei 193 medlemslanda i FN. Samstundes med generaldebatten vert det halde ei rekke andre møte og arrangement. Dei nye berekraftsmåla vart vedtekne på eit toppmøte. 20-årsjubileet for vedtakinga av handlingsplanen frå Beijing om kvinnernas rettar vart markert med eit høgnivåmøte. Den amerikanske presidenten Barack Obama tok initiativ til to toppmøte, eitt om fredsbevarande operasjonar og eitt om ISIL og valdeleg ekstremisme. Den norske delegasjonen vart leidd av statsminister Erna Solberg og utanriksminister Børge Brende. Klima- og miljøminister Tine Sundtoft og europaminister Vidar Helgesen deltok òg. Dei hadde eit høgt aktivitetsnivå. Politikarane våre tok del i til saman 240 arrangement og hadde 85 bilaterale politiske samtalar.

Nedanfor følgjer ei omtale av nokre av dei møta som Noreg tok del i under høgnivåveka:

Toppmøte om berekraftsmåla (Agenda 2030)

Før opninga av generaldebatten i Generalforsamlinga i FN samla stats- og regjeringsleiarane i verda seg til toppmøte for å vedta dei 17 nye berekraftsmåla til FN (Agenda 2030). Måla erstattar tusenårmåla til FN og skal vere retningsgjevande for det berekraftige utviklingssamarbeidet fram mot 2030. Til skilnad frå tusenårmåla har berekraftsmåla vore forhandla fram gjennom breie konsultasjonar mellom statane i verda, med omfattande bidrag frå sivilsamfunnet. Berekraftsmåla er fleire og meir omfattande enn tusenårmåla, og omfattar klima, miljø, økonomisk utvikling og godt styresett.

Fleire av statsleiarane i verda påpeikte frå talarstolen behovet for å gjennomføre måla på ein måte som tek omsyn til miljø og menneske, så vel som til velstand og fred. I tillegg vart det streka under kor naudsynt det er med felles tiltak mot klimaendringane, både for å redusere fattigdom og verne livsgrunnlaget til kloden.

I innlegget sitt oppmoda statsminister Erna Solberg leiarane i verda til å vidareføre det gode samarbeidet om berekraftsmåla fram mot klimakonferansen til FN i Paris, og oppmoda til auka humanitær bistand og utviklingsbistand, investering i utdanning og helse og fremjing av godt styresett. Ho la vidare vekt på likestilling og omsyn til miljø og livsgrunnlag. Solberg tok òg til orde for auka humanitær bistand til dei millionane av flyktingar, fordrivne og andre som er råka av Syria-krisa, og slo fast at humanitær bistand til ernæring og skolegang for barn og unge òg er ei investering i langsiktig menneskeleg utvikling.

I samband med dette tok statsminister Solberg del i eit dialogmøte om utrydding av fattigdom og svolt, saman med leiarar frå land og regionale organisasjonar i nord og sør, mellom anna presidentane frå Mali, Namibia og Zambia og ei rekke statsministrar, FN-leiarar og leiarar frå organisasjonar og næringsliv. Bill og Melinda Gates, saman med toppsjefen for Unilever, Paul Polman, var blant dei deltagarane som likeins med statsministeren framheva behovet for auka satsing på mødre- og barnehelse og ernæring og mattryggleik i partnarskap med privat sektor.

Høgnivåmøte om likestilling og kvinnernas rettar

20 år etter at den fjerde verdskonferansen til FN om kvinnernas rettar i Beijing, der det vart vedteke ein handlingsplan, leidde presidenten i Kina, Xi Jinping, og generalsekretær i FN, Ban Ki-moon, eit høgnivåmøte om likestilling og kvinnernas rettar.

Over 80 stats- og regjeringsleiarar tok del, noko som er den største samlinga av leiarar om temaet likestilling nokon gong. Leiarane forplikta seg til sterkare innsats for å oppnå full likestilling. Svært mange land viste til at dei har fått til større deltaing frå kvinner i sentrale posisjonar i politikk og næringsliv. Frå norsk side deltok statsminister Erna Solberg. I innlegget sitt la Solberg vekt på at dersom jenter og kvinner skal kjenne og nyttiggjere seg dei rettane dei har, må dei ha utdanning. Kunnskap er grunnleggjande for politisk og økonomisk deltaking. I oppsummeringa si streka leiaren for UN Women, Phumzile Mlambo-Ngcuka, under at samlinga av leiarane i verda viser at kvinner ikkje lenger vert sett på som ei «lita interessegruppe», men at likestilling høyrer med til alle område i livet. Ho la vekt på at kamp mot vald mot kvinner og barneekteskap, og balanse mellom ubetalt og betalt arbeid, var tema som mange av leiarane tok opp. Ho sa at leiarane i verda har forplikta seg til å gjennomføre tryggingsrådsresolusjonane om kvinner, fred og tryggleik. Dei skal setje i verk tiltak mot straffefridom for overgrep og tiltak for å stoppe vald mot kvinner og for å sikre kvinner og menn like rettar og like vilkår.

Møte om FNs fredsbevarande operasjonar

Statsminister Solberg tok del i eit møte om dei fredsbevarande operasjonane til FN, saman med over femti statsleiarar og leiarar for internasjonale organisasjonar. Møtet vart arrangert etter initiativ frå president Obama, og vart ei kraftfull politisk markering av den aukande innverknaden til FNs fredsbevarande operasjonar for internasjonal fred og tryggleik. Hovudføremålet med møtet var å få landa til å forplikte seg til å gje konkrete bidrag for å styrke operasjonane. Det viktigaste var difor dei omfattande lovnadene om ulike bidrag som statsleiarane framførte.

Obama og mange av dei andre talarane viste til at operasjonane var vortne fleire og meir komplekse, men at kapasiteten ikkje heldt tritt med behovet. USA ville auke støtta si, både med personell og logistikk, og Obama oppmoda samstundes andre land til å bidra med fleire troppar. Han la òg vekt på vern av sivile og nulltoleranse for seksuelle overgrep, og på reform og modernisering av dei fredsbevarande operasjonane. Han forventa fleire kvinnelege leiarar, betre planlegging og meir samarbeid med regionale organisasjonar, og at FN skulle styrke arbeidet sitt for å unngå væpna konfliktar.

Generalsekretæren i FN viste til høgnivårapporten om reform av FNs fredsoperasjonar og sin

eigen oppfølgingsrapport, og sa at behovet for fredsbevarande operasjonar aldri hadde vore større. Han viste til at det er stort behov for støttepersonell, kvalifisert politi, særleg kvinner, og styrkar i ståande beredskap. Han nemnde òg koriktig det er med vern av sivile.

Den kinesiske presidenten sa at Kina ville gje Den afrikanske unionen (AU) 100 millionar dollar i militær støtte i dei neste fem åra. Afrika måtte bli i stand til å løse problema i Afrika. Kina ville òg bidra med 8000 personell, ingeniørkapasitet og ein helikopterstyrke til Afrika. I tillegg ville dei trena opp 2000 personell frå andre land gjennom dei neste fem åra. Fredsbevaring måtte gå hand i hand med diplomati og vere i tråd med FN-pakta og de respektive tryggingsrådsresolusjonane. Tryggingsrådet måtte vere meir koordinert med dei landa som stiller troppar og politibidrag til rådvelde, og med relevante regionale organisasjonar.

Statsminister Solberg viste til det store behovet for fredsbevarande innsats og den norske støtta til slik innsats. Ho kunngjorde norske militære bidrag til FN-operasjonen i Mali, med eit transportfly for ein periode på ti månader i 2016, vidareføring av ein personelleir i Bamako til oktober 2016 og eit mogleg ingeniørbidrag i 2017. I tillegg viste Solberg til at Noreg ville halde fram med å fremje aktiv deltaking av kvinner i fredsoperasjonar, styrke samarbeidet med AU og vurdere vidare støtte til kapasitetsbygging i den austafrikanske beredskapsstyrken (*Eastern Africa Standby Force*).

Toppmøte om ISIL og valdeleg ekstremisme

Statsministeren tok del i eit toppmøte om førebygging av valdeleg ekstremisme og kamp mot ISIL. Toppmøtet kom i stand etter initiativ frå USA. Stats- og regjeringssjefar frå over 100 land, saman med ei rekke representantar frå internasjonale organisasjonar og sivilsamfunnet, drøfta korleis ein i fellesskap skal møte utfordringane frå alle typar valdeleg ekstremisme, og særleg korleis det internasjonale samfunnet kan medverke i kampen mot ISIL. Statsministeren var ein av fem hovudinntekarar, saman med president Obama og generalsekretæren i FN, Ban Ki-moon.

I innlegget sitt la Solberg vekt på at verds-samfunnet må stå saman for å møte og kjempe mot all ekstremisme, og at dette best kan oppnåast gjennom å mobilisere sivilsamfunnet, unge menneske, kvinner og lokalsamfunn i eit felles løft med regjeringsar og det internasjonale fellesskapet. Noreg arrangerte i juni ein førebuande konferanse før toppmøtet i New York, der euro-

peiske land var samla og der det vart lansert eit europeisk ungdomsnettverk for førebygging av valdeleg ekstremisme, som seinare er vorte utvida til å omfatte Samveldet av nasjonar. Noreg medverka til å skipe ein global kvinneallianse og eit nettverk av «sterke byar» som arbeider mot valdeleg ekstremisme. Noreg er med i kjernegruppa i anti-ISIL-koalisjonen og tek del langs alle dei fem spora i innsatsen til koalisjonen: militært, stabilisering i Irak, tiltak mot framandkrigarar, finansiering av ISIL og propaganda. I tillegg er Noreg ein viktig humanitær bidragsytar til Syria og Irak.

President Obama streka under at kampen mot ISIL og andre valdelege ekstremistiske grupper ville verte vanskeleg og langvarig. Han viste til at ein tredel av dei områda som ISIL hadde kontrollert i Irak, no var tekne tilbake av den irakiske regjeringa. Vidare var president Obama oppteken av at ein ikkje berre må kjempe mot dei ekstremistiske nettverka, men òg mot ideologiane som ligg bak. Obama var oppteken av å gjere noko med politiske og økonomiske tilhøve som kan gje grobotn for valdeleg ekstremisme, og sa at det beste forsvarer var meir demokrati, menneskerettar og respekt for rettsstatsprinsippa.

Klimamøte med statsleiarar i regi av generalsekretæren i FN

Statsministeren tok del i eit klimamøte som vart arrangert av generalsekretæren i FN, Ban Ki-moon. Møtet vart arrangert saman med president François Hollande frå Frankrike og president Ollanta Humala frå Peru. Om lag 30 stats- og regjeringsleiarar tok del. Statsminister Solberg la vekt på at Paris-avtalen må gje eit sterkt signal om at alle land må omstille seg til ei utvikling med lågare utslepp. Ho streka under at leiarane i verda bør samle seg om eit langsigktig mål i avtalen. Noreg var spesielt invitert til å orientere om korleis bevaring av regnskog kan medverke til reduserte utslepp av klimagassar. Det var brei semje om at det er viktig å kome fram til ein god, global klimaavtale i Paris. Dei politiske signala frå klimamøtet til Ban hadde ein positiv innverknad på sluttforhandlingane om klimaavtalen.

Finansiering av helse og utdanning

Utanriksminister Børge Brende deltok på eit møte om finansiering av helse og utdanning, som var organisert av Det globale partnarskapet for utdanning, FNs barnefond (UNICEF), FNs aidsprogram (UNAIDS) og Det globale fondet for kamp

mot aids, tuberkulose og malaria. Utanriksministeren viste til det store løftet som er gjort innanfor global helse dei siste 10-15 åra, og sa at det internasjonale samfunnet no må få til eit tilsvarende løft for utdanningssektoren. Både nasjonal ressursmobilisering, deltaking frå privat sektor og auka utviklingsbistand vil vere naudsynt. Satsinga må ikkje gå utover satsinga på helsesektoren, der behova framleis er store. Brende viste til at statsminister Solberg på utdanningskonferansen i Oslo i juli annonserde skipinga av ein global kommisjon for finansiering av utdanning. Kommisjonen, som vert leidd av Gordon Brown, hadde det første møtet sitt i New York den same veka, og vil kome med framlegga sine under Generalforsamlinga i 2016.

Utdanning og utvikling

Brende tok òg del på eit sidearrangement om utdanningsinitiativet til Generalsekretæren, *Global First Education Initiative*, der det vart fokusert på overgangen frå dei utdanningsrelaterte tusenårsmåla til det tilsvarende berekraftsmålet. Kinas førstedame, Koreas president, generaldirektøren for FNs organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon (UNESCO) og FNs spesialutsending for utdanning opna arrangementet saman med Malala. Malala bad alle leiarar om å setje utdanning øvst på utviklingsagendaen, og retta sokelyset på dei fattigaste barna i verda og på jenter. Malala lova at ho vil arbeide utrøytteleg for tolv års skolegang, i tråd med ambisjonane i det nye berekraftsmålet om utdanning. Utanriksminister Børge Brende slo fast at vi ikkje vil nå måla om berekraftig utvikling utan utdanning, og at det er mogleg å få alle barn på skole. Han oppmoda til felles handling no, og hausta applaus for skiping av den kommisjonen som skal arbeide med auka finansiering til utdanning.

Utdanning i krise og konflikt

Utanriksminister Brende deltok på eit frukostmøte arrangert av *Global Business Coalition for Education* om utdanning i krise og konflikt og innovative tilnærmingar. USAs viseutanriksminister Tony Blinken og Christos Stylianides frå EU-kommisjonen var til stades og heldt innlegg, i tillegg til ministrar frå Libanon, Tyrkia, Jordan og Liberia.

I innlegget sitt streka Brende under dei store behova som aukande flyktingstraumar skapar, og kor naudsynt det er med auka støtte til utdan-

ning i krise og konflikt. Utdanning for barn er ein viktig faktor når familiar i vanskelege situasjonar set seg føre å flykte. Det internasjonale samfunnet må gjere meir for å unngå «tapte generasjonar». Her kan òg den private sektoren spele ei viktig rolle. Stylianides stadfest avgjørda til EU-kommisjonen om auka støtte til utdanning i krise og konflikt, mellom anna ved å oppfylle målet om fire prosent støtte til utdanningstiltak innanfor humanitær bistand.

Høgnivåmøte om Somalia

På høgnivåmøtet om Somalia gav eit samstemt internasjonalt samfunn positiv tilbakemelding på dei framstega overgangsregjeringa i Somalia har gjort på vegen mot varig fred og utvikling. Det var særleg stor velnøye med skipinga av ein valkommisjon og nasjonale konsultasjonar om det komande valet i 2016, skiping av regionale administrative einingar som del av føderaliseringss prosessen og frigjering av større område frå den militante gruppa Al Shabaab. Samstundes var det ønske om å oppmuntre regjeringa i Somalia til å halde fram prosessen med valførebuingar og ny grunnlov. Arbeidet med å reformere og styrke den somaliske hæren måtte halde fram for at dei frigjevne områda skulle kunne konsoliderast. Utanriksminister Brende streka under at kampen mot radikalisering må omfatte alternativ der menneskerettane vert respekterte og verdige levevilkår skapte. Den britiske statsministeren David Cameron lova militær støtte til opplæring av den somaliske hæren. Tyrkia lova å vere vertskap for det neste høgnivåforumet om Somalia i byrjinga av 2016, og Italia vil invitere til eit eige møte om samarbeid med privat sektor for å skape økonomisk vekst.

Ministermøte om klima

Statsminister Solberg, utanriksminister Brende og klima- og miljøminister Tine Sundtoft tok del på fleire møte i samband med klimahandlingane og internasjonalt samarbeid på klimaområdet. Klima- og miljøminister Tine Sundtoft heldt eit av opningsinnlegg under eit møte om styrking av samarbeidet mellom regnskogland og gjevarland. Perus miljøvernminister Manuel Pulgar-Vidal og FNs spesialutsending for klima Mary Robinson inviterte til ministermøte. Sundtoft snakka om kor viktig det er med nasjonalt leiarskap for å stanse avskoginga, i tillegg til samarbeid mellom offentleg og privat sektor, sivilsamfunnsorganisasjonar og urfolk for å få til ein effektiv og varig reduksjon

av avskoging. Skoglanda viste til sin eigen innsats for å redusere avskoginga, til dømes gjennom frivillige nasjonale bidrag fram mot klimakonferansen til FN i Paris, og andre forpliktingar. Sentrals gjevarland, som Tyskland, Storbritannia og Noreg, sa seg villige til å bidra med støtte. Den norske innsatsen på skogområdet fekk lovord frå både møteleiaren og fleire av deltakarane. Særleg vart det vist til Noregs bidrag til utvikling av gode system for skogovervaking i Brasil, noko som har medverka til at avskoginga i Amazonas har gått ned.

Paneldebatt om vegen til berekraftig økonomisk vekst

Klima og miljøminister Sundtoft tok del i ein paneldebatt om omstilling til berekraftig økonomisk vekst. Den tyske miljøministeren Barbara Hendricks var vert for arrangementet, saman med UNEP og UNDP, og Sør-Afrikas miljøminister Edna Molewa og UNEPs eksekutivdirektør Achim Steiner var blant deltakarane. Noreg vart trekt fram som eit føregangslend på grunn av støtta vår til internasjonale grøne partnarskap innanfor skog, grøn økonomi og energi, samstundes som klima- og miljøministeren vart utfordra på rolla vår som produsent av olje og gass. Tine Sundtoft stadfestat Noreg er i ein omstillingsfase og treng fleire bein å stå på i økonomien. Samstundes gjev kombinasjonen av sosial tryggleik og konkurransesevne ei god evne til omstilling, og vi arbeider for å styrke den grøne konkurranseskrafta vår. Ministrane delte røynsler med bruk av økonomiske verkemiddel som CO₂-avgift og frivillige avtalar med industrien. Sør-Afrika hevda at ei ordning med karbonbudsjett for verksemder er meir populær enn avgifter. Leiaren i FNs miljøprogram såg endringar i det globale finanssystemet som mest lovande. Han meinte at eit skifte frå skattlegging av arbeid til skattlegging av ting som svekkjer naturgrunnlaget, ville vere mogleg og populært.

Høgnivåmøte om Sør-Sudan

Generalsekretær Ban Ki-moon innleidde høgnivåmøtet om Sør-Sudan med å legge vekt på at det no vert forventa at partane respekterer våpenkvila, gjennomfører føresegnene i fredsavtalen, sikrar uhindra humanitær tilgang og startar ein forsoningsprosess. Det var brei tilslutning til desse bodskapane, og partane sit no med det heile og fulle ansvaret for å gjennomføre avtalen, noko som den etiopiske statsministeren Hailemariam Desalegn la vekt på.

Bodskapen frå mange av deltakarane var at dersom ikkje fredsavtalen vert gjennomført, må partane ta konsekvensane av dette, men spørsmålet om sanksjoner stadfestar òg at det var usemje blant medlemmene i Tryggingsrådet om sanksjonar og våpenembargo.

Utanriksminister Brende heldt eit innlegg som vart godt motteke, og som balanserte mellom forventningar og insentiv, og han var den som klarast gav uttrykk for at gjennomføringa av fredsavtalen krev ein inklusiv prosess der den interne opposisjonen, kvinner og sivilsamfunnet, òg må ha ei framståande rolle.

Reservasjonane som president Salva Kiir og opprørsleiaren Riek Machar hadde mot fredsavtalen, fekk liten tilslutnad under høgnivåmøtet. Det var semje om at det framleis er behov for omfattande humanitar bistand og økonomisk støtte til overgangsperioden.

Ministermøte om Syria

Utanriksminister Brende tok òg del i eit ministermøte om Syria-krisa. Jordan og EU var vertskap for møtet, og ei rekke ministrar og FN-leiarar heldt innlegg. Det vart lagt vekt på behovet for ei politisk løysing på konflikten og auka humanitar bistand og utviklingsbistand. Brende heldt innlegg under sesjonen om utdanning, og la vekt på kor viktig det er å prioritere utdanning tidleg i kriseresponsen, i tillegg til husly, mat og vatn. Han oppmoda til auka støtte, mellom anna til utdanning, og viste til auka norske løvingar, og til at 20 prosent av den norske støtta til Syria-krisa går til utdanning. Eit anna sentralt tema var behovet for betre løysingar for støtte til mellom-inntektsland med stor flyktningbefolkning. FNs naudhjelpskoordinator Stephen O'Brien viste mellom anna til utfordringane med humanitar tilgang og kor hardt helsetenestene er råka av krigen.

Møte i partnarskapsgruppa for Myanmar

FNs generalsekretær Ban Ki-moon var vertskap for eit møte i partnarskapsgruppa for Myanmar, der land som er støttespelarar for fred og demokratisering i Myanmar, tok del. Både Generalsekretæren, utanriksminister Brende og andre lova å vidareføre støtta til freds- og demokratiseringsprosessen i landet, og peikte samstundes på dei viktigaste utfordringane som Myanmar no står overfor. For det første er det den forverra humanitære situasjonen i delstaten Rakhine etter flaumen i sommar. For det andre er det kor viktig det er

med eit ope og rettferdig val i november. For det tredje er det måten styresmaktene handterer religiøse og etniske konfliktar og skiljelinjer og veksande fundamentalisme på. Og sist, men ikkje minst, at oppfølginga og framdrifta i fredsprosesen må halde fram etter at den nasjonale våpenkvileavtalen vert underskriven og ei ny regjering kjem på plass.

Myanmar kunne kunngjere at dei har slutta seg til tilleggsprotokollen til FNs barnekonvensjon om barns rettar i væpna konflikt.

Ministermøte om Midtausten i Tryggingsrådet

Utanriksminister Brende heldt innlegg i eit ope ministermøte i Tryggingsrådet om konfliktløysing og motverking av terror i Midtausten. Møtet var leidd av den russiske utanriksministeren Sergej Lavrov, ettersom Russland hadde formannskapet i Tryggingsrådet denne månaden. Over 70 medlemsland heldt innlegg. Syria-konflikten var hovudtemaet i mange av innlegga. Lavrov informerte om det russiske utkastet til ein tryggingsrådsresolusjon med siktet på å koordinere den internasjonale innsatsen mot ISIL.

Utanriksminister Brende streka under at problema i Syria og regionen må møtast med eit breitt spekter av verkemiddel, òg medrekna militære. Difor er eit norsk militært bidrag på plass i Irak for å støtte styresmaktene i kampen mot ISIL. Brende streka òg under at det å førebyggje radikalisering av unge menneske bør stå heilt sentralt i kampen mot terrorisme, noko som Noreg òg medverkar til. Det må skapast gode tilhøve og framtidshåp for nye generasjonar. Det internasjonale samfunnet må stå samla, og noko må gjerast med dei underliggjande årsakene til krig og konflikt i regionen.

2.3 Norske sidearrangement under høgnivåveka

Noreg arrangerte fleire sidearrangement. Som ei oppfølging av Oslo-konferansen om utdanning leidde statsminister Solberg eit møte om skipinga av den nye internasjonale kommisjonen for finansiering av utdanning. Statsministeren leidde òg eit arrangement om kvinners rettar og likestilling, som ho inviterte til saman med Chiles president Michelle Bachelet. Ebola-epidemien og global responsevne stod på dagsordenen for eit norsk-tysk sidearrangement som statsministeren tok del i, saman med mellom anna den tyske forbundskanslaren Angela Merkel.

Utanriksminister Brende var vert for eit høgnivåmøte om humanitar finansiering, saman med Kristalina Georgieva, visepresident i EU-kommisjonen. Noreg stod for det årlege møtet i gjevarlandsgruppa for Palestina (AHLC). Det årlege Trygve Lie-symposiet om menneskerettar handla om sivilsamfunnet under press. Noreg og USA, som hadde formannskapet, leidde det årlege styremøtet for Lifeline, ein støttemekanisme for menneskeretsforkjemparar og aktørar frå sivilsamfunnet.

Den internasjonale kommisjonen for finansiering av utdanning

Statsminister Solberg leidde eit møte med initiativtakarane for skipinga av den nye internasjonale kommisjonen for finansiering av utdanning, som vart annonsert under Oslo-konferansen i juli. I tillegg deltok Malawis president, Indonesias visepresident, generaldirektøren for FNs organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon (UNESCO) og leiaren for kommisjonen, Gordon Brown. Statsministeren og dei andre initiativtakarane deltok deretter på opninga av det første formelle møtet i kommisjonen, der 14 av i alt 25 medlemmer var med, medrekna den tidlegare norske utdanningsministeren Kristin Clemet.

I innlegga sine peikte Solberg på at retten til utdanning er ein menneskerett, men at manglande politisk prioritering i ei rekke land, saman med utilstrekkelig finansiering, har gjort denne retten til ein illusjon for millionar av barn og unge, ikkje minst for jenter. Den viktigaste oppgåva til kommisjonen vil vere å peike på dei økonomiske og sosiale føremonene ved å investere i kvalitetsutdanning og kome fram til korleis ressursane kan nyttast på best måte. Ho kom òg inn på korleis finansieringsholet kan dekkjast, der både nasjonale midlar – offentlege og private – og bistand vil inngå. Rapporten frå kommisjonen skal leggjast fram i september 2016.

Norsk-chilensk arrangement om kvinners rettar

Likestilling og kvinners rettar stod òg i fokus då statsminister Solberg, saman med president Bachelet frå Chile, inviterte ei rekke kvinnelege leiatarar, mellom anna president Ellen Johnson Sirleaf frå Liberia og leiaren for Den afrikanske unionen, Nkosazana Dlamini-Zuma, FN-leiarar og representantar frå sivilsamfunnet, til frukostmøte. Temaet for drøftingane var kva som skal til for å sikre gjennomføringa av dei rammeverka for likestilling som alt ligg føre.

Statsminister Solberg framheva utdanning for jenter som ein avgjerande innsatsfaktor for å oppnå likestilling, og peikte på kor viktig det er å involvere menn i likestillingsarbeidet. Solberg streka under at vi aktivt må motarbeide krefter som nyttar kultur, religion eller tradisjon til å svekje kvinners rettar. Ho viste òg til den norske handlingsplanen for kvinner, fred og tryggleik. Statsministeren tok opp radikalisering og terrorisme, som må motarbeidast og førebyggjast fordi det er eit trugsmål både mot kvinners liv og mot rettane deira.

Møte om ebola-epidemien og global responsenvne

Statsministeren innleidde på et norsk-tysk møte om ebola-epidemien og den globale responsenvna mot denne typen kriser. Blant deltakarane var Tysklands forbundskanslar Angela Merkel, Ghanas president John Dramani Mahama, generalsekretær Ban Ki-moon, leiaren for Verdshelseorganisasjonen (WHO) Margaret Chan, Bill Gates, Tanzanias president Jakaya Kikwete og president Johnson Sirleaf frå Liberia. Utgangspunktet er eit høgnivåpanel som er skipa for kome med framlegg til korleis epidemiar skal møtast i framtida. I innleiinga si la statsministeren vekt på at nye epidemiutbrot potensielt kunne undergrave dei nye berekraftsmåla, og la vekt på følgjande: 1) Bygging av helsetenester som er tilgjengelege for folk, og som har den overvakings- og responskapasiteten mot utbrot som er naudsynt, 2) ein snøgg, global responskapasitet som kan støtte innsatsen mot lokale utbrot, 3) betre koordinering mellom helseinnsats og humanitære innsats, 4) betre vaksine og medisinar mot ebola-liknande utbrot.

Høgnivåmøte om humanitær finansiering

Den 26. september var utanriksminister Brende vertskap for eit høgnivåmøte om humanitær finansiering, saman med Kristalina Georgieva, visepresident for EU-kommisjonen og leiar av FNs generalsekretærars høgnivåpanel om humanitær finansiering. I møtet vart det lagt vekt på dei store humanitære behova og kor viktig det er å styrke samspelet med utviklingsaktørar, særleg i sårbare statar og i langvarige flyktningsituasjonar. Arrangementet samla fleire FN-leiarar, utanriks- og utviklingsministrar frå fleire land, leiatarar frå Verdsbanken, Den internasjonale Raude Krosskomiteen og frivillige organisasjonar. I opningsinnlegget sitt la utanriksministeren vekt på behovet for å mobilisere ressursar frå fleire aktørar,

auke støtta til land som Jordan og Libanon, som husar svært mange flyktningar. Han påpeikte òg at det er viktig å få utviklingsaktørar inn tidlegare, styrke utdanning i krise og konflikt, arbeide for førebygging av konflikt og naturkatasstrofar og søkje meir fleksibel og føreseieleg finansiering.

Møte i gjevarlandsgruppa for Palestina

Utanriksministeren leidde ministermøtet for gjevarlandsgruppa for Palestina (AHLC). Møtet vart halde i FN, og generalsekretær Ban Ki-moon var vert for møtet, medan utanriksminister Kerry og høgrepresentant Mogherini var medarrangørar. Møtet vart halde rett etter at president Abbas hadde halde talen sin til Generalforsamlinga og det palestinske flagget var heist utanfor FN-bygningen. Dette gav møtet eit tyngre politisk preg enn det som var vanleg. Samanstøytane ved Al Aqsa-moskeen medverka òg til ein meir spent stemning.

Partane hadde ulike oppfatningar om kva tilhøve som gjorde det vanskeleg å finne ei løysing, men stadfestat likevel at dei forplikta seg til tostatsløysinga. Alle dei andre representantane på møtet streka òg under kor viktig det er å kome fram til ei fredeleg tostatsløysing. Det var brei semje om at den palestinske økonomien må styrkjast. Sjølv om den palestinske økonomien ikkje kan nå det fulle potensialet sitt før den israelske okkupasjonen tek slutt, er det svært mange tiltak som kan setjast i verk alt no for å stimulere til utvikling og vekst i Palestina.

Eit konkret oppfølgingspunkt frå møtet vil vere å styrke lokale samarbeidsordningar på bakken for å sikre betre koordinering mellom partane og sentrale gjevarar. I møtet informerte Israel om kva tiltak som var vortne sette i verk det siste året for å betre situasjonen for palestinariane, både på Vestbreidda og i Gaza, og det vart kunngjort ei rekkje nye tiltak for det same føremålet. Dette vart positivt motteke av deltakarane. Det vart likevel streka under, både frå partane og andre deltakarar, at økonomisk utvikling og framgang på ingen måte kan erstatte ei politisk løysing.

Trygve Lie-symposiet

Utanriksministeren opna det årlege Trygve Lie-symposiet om sivilsamfunnet under press, med mellom anna FNs høgkommissær for menneskerettar Zeid Ra'ad Al-Hussein, Salil Shetty frå

Amnesty International og den liberiske fredsaktivisten Leymah Gbowee. I paneldiskusjonen, som vart leidd av Lyse Doucet frå BBC, la utanriksministeren vekt på samanhengen mellom vern av menneskerettar og eit aktivt sivilsamfunn på den eine sida og fred, stabilitet, demokrati og berekraftig utvikling på den andre. Han oppmoda til internasjonalt engasjement for å slutte opp om og verne grunnleggjande og universelle rettar og sivilsamfunnet. I diskusjonen var det fokus på kva sivilsamfunnet har å seie for at styresmaktene vert haldne ansvarlege for å styre med utgangspunkt i folks rettar, vilje og behov. Det demokratiske spelerommet krympar i stadig fleire land. Konfrontert med brot på menneskerettane og åtak på demokratiske verdiar må FN oppdre mykje meir resolutt.

Lifeline – støtte for menneskeretsforkjemparar

Utanriksminister Brende leidde det årlege styremøtet for Lifeline, ein støttemekanisme for menneskeretsforkjemparar og sivilsamfunnsaktørar, saman med den amerikanske viseutanriksministren Tony Blinken. I 2015 delte Noreg formannskapet i Lifeline med USA. Til stades på møtet var representantar frå dei 17 landa som støttar opp om Lifeline, representantar frå NGO-konsortiet under mekanismen som vert leidd av Freedom House, og aktivistar frå Burundi og Aserbajdsjan som har fått støtte gjennom Lifeline. Utanriksministeren la vekt på samanhengen mellom brot på menneskerettane og restriksjonar på sivilsamfunnet på den eine sida, og krise og konflikt på den andre. Både Brende og Blinken la vekt på at utviklinga i mange delar av verda går i negativ retning, med aukande press på sivilsamfunnet og ein forverra situasjon for menneskeretsforkjemparane. Det er brei oppslutning blant støttelanda for innsatsen til Lifeline, og fleire indikerte fornya, auka og fleirårig støtte. I 2016 er det Estland som har formannskapet, saman med USA.

FN70 – møte med partnerland

Statssekretær Skogen var vertskap for møtet med partnerlanda for reforminitiativet *FN70: Ein ny dagsorden* under FNs høgnivåveke. Deltakarlanda streka under behovet for breiare reformer av FN, og stadfestat støtta si til dette initiativet. Statssekretær Skogen oppsummerte møtet med å framheve at vi har ei god plattform for vidare debatt med FN70-partnarlanda framover.

Boks 2.1 FNs generalforsamling

Generalforsamlinga er skipa gjennom FN-pakta, og det er FN-pakta som definerer funksjonane og avgjerdssområda til forsamlinga. I utgangspunktet kan Generalforsamlinga drøfte alle spørsmål eller saker som høyrer inn under pakta. Alle medlemslanda i FN er representerte i Generalforsamlinga, og kvart land har éi røyst.

Dei fleste sakene vert drøfta i ein av dei seks faste komiteane i Generalforsamlinga, som dekkjer ulike tematiske område. Det er i komiteane arbeidet med å fremje framlegg, drøfte saker og forhandle resolusjonar i hovudsak går føre seg. Etter behandlinga i komiteane vert resolusjonane òg formelt vedtekne i plenum i Generalforsamlinga, og som oftast skjer dette utan ytterlegare debatt. Visse saker vert behandla direkte

i plenum utan å ha vore gjennom ein komité først. Ein del resolusjonar vert vedtekne ved konsensus, medan andre vert røysta over. Komiteane har ulik tradisjon og praksis når det gjeld bruk av avrøystingar, til dømes vert det røysta over dei fleste resolusjonane i 1. komité om internasjonal fred og tryggleik, medan i 5. komité om budsjettspørsmål og 6. komité om rettslege spørsmål vert alle resolusjonar vedtekne ved konsensus.

Resolusjonane som vert vedtekne i Generalforsamlinga, er ikkje juridisk bindande for medlemslanda, men har politisk vekt fordi Generalforsamlinga representerer verdssamfunnet si røyst.

2.4 Generalforsamlingas 1. komité (internasjonal fred og tryggleik)

Komiteen arbeider med internasjonal fred og tryggleik, og særleg nedrusting og ikkje-spreiing. I denne sesjonen vedtok komiteen om lag 60 resolusjonar og andre avgjelder. Noreg heldt eigne innlegg under generaldebatten og under den tematiske debatten om kjernefysiske våpen. Vi var òg tilslutta eit felles nordisk innlegg i generaldebatten. Vi slutta oss til røysteforklarings om resolusjonar som er prinsipielt viktige for Noreg, og teikna oss som medframleggsstillarar for om lag ti resolusjonar.

Arbeidet i komiteen var prega av auka polarisering som følgje av eit internasjonalt spenningsnivå som generelt er vorte høgare. I denne sesjonen var det endå ein ny rekord i talet på innlegg i generaldebatten og dei tematiske debattane, noko som speglar att dei mange motsetnadene blant medlemslanda når det gjeld nedrusting. Det var òg langt fleire replikkutvekslinger enn før, og dette galdt spørsmål i samband med både Midtausten og Nord-Korea. I tillegg skulda USA og Russland kvarandre for å bryte den bilaterale INF-avtalen (*Intermediate-Range Nuclear Forces Treaty*) av 1987 om kjernefysiske mellomdistanserakettar. Vi såg òg ei vidareføring av tendensen dei siste åra, til at stadig færre resolusjonar vert vedtekne ved konsensus, noko som svekkjer sjansane til å oppnå samlande løysingar på viktige utfordringar når det gjeld nedrusting og ikkje-spreiing.

Når det gjeld kjernefysisk nedrusting, var sesjonen særleg prega av frustrasjon over at Tilsynskonferansen for ikkje-spreiingsavtalen ikkje vart samd om eit slutt dokument våren 2015, og misnøye over manglande framdrift i det internasjonale nedrustningsarbeidet. Den nyleg inngåtte Iran-avtalen vart derimot trekt fram som eit positivt utviklingstrekk.

Målet om ei verd fri for kjernevåpen er noko som dei fleste landa deler. Noreg streka under koriktig det er med ei faktabasert tilnærming for å kaste lys over dei humanitære konsekvensane av kjernefysiske våpen. Ei gruppe land, med Austerrike, Mexico og Sør-Afrika i spissen, nytta den humanitære tilnærminga som eit påskot for å få innført eit forbod mot atomvåpen. Dei lanserte fire resolusjonar som har som føremål å innføre eit slikt forbod. Ingen NATO-land kunne støtte dette initiativet, ettersom det er i konflikt med det strategiske konseptet til NATO, som opererer med kjernefysisk avskrekking så lenge det finst slike våpen. Saman med likesinna land streka Noreg òg under behovet for prosessar som inkluderer både kjernevåpenstatar og ikkje-kjernevåpenstatar dersom målet om ei verd utan kjernevåpen skal kunne nåast.

Vidare streka Noreg under behovet for å kome fram til effektive metodar for å verifisere kjernefysisk nedrusting, med utgangspunkt i det banebrytande samarbeidet mellom Storbritannia og Noreg på dette området. Noreg deltok òg i panelet på eit sidearrangement om det internasjonale partnarskapet for verifikasjon av nedrusting

(IPNDV). Arbeidet i partnarskapet samlar kjernevåpenstatane og ikkje-kjernevåpenstatane, og kan gje reell framgang når det gjeld kjernefysisk nedrusting. Fleire andre likesinna land la òg stor vekt på at verifikasjon er viktig.

Noreg sa seg nøgd med den sterke oppsluttinga om minekonvensjonen, som no omfattar over 160 statspartar. Tilsvarende framheva vi kor viktig det er at det vert stadig større oppslutning om konvensjonen om klasevåpen. Denne konvensjonen omfattar no om lag 100 statspartar.

Noreg og fleire andre land sa seg dessutan nødde med utfallet av det første statspartsmøtet til den internasjonale våpenhandelsavtalen (ATT), som fann stad i Cancún i Mexico i august 2015.

Komiteen behandla òg saker som gjeld kjemiske og biologiske våpen, tiltak for å hindre eit våpenkappløp i det ytre verdsrommet, og cyber-spørsmål. Forhandlingane om resolusjonen om kjemivåpenkonvensjonen vart særskilte på grunn av usemjø om omtalen av granskingsarbeidet når det gjeld bruk av kjemiske stridsmiddel i Syria. Denne resolusjonen, som normalt vert vedteken ved konsensus, er teken til avrøysting i dei siste åra. I spørsmålet om det ytre verdsrommet var det ein ganske hissig debatt om det er behov for eit nytt rettsleg instrument, noko som Russland og Kina framheva og som USA avviste. Komiteen tok likevel samråystes avgjerd om å skipe ei ny mellomstatleg ekspertergruppe for cybertryggleik. Dei fleste landa uttrykte frustrasjon over den fastlåste situasjonen i nedrustingskonferansen (CD) og over eit generelt dysfunksjonelt nedrustingsmaskineri. Men det er vanskeleg å sjå korleis medlemslanda vil kunne verte samde om konkrete reformer for å få maskineriet på rett kjøl.

2.5 Generalforsamlingas 2. komité (økonomiske og sosiale spørsmål)

Arbeidet i 2. komité vart på mange måtar eit antiklimaks etter dei store utviklingspolitiske forhandlingssuksessane i 2015 – først med *Finansiering for utvikling* i Addis Abeba og deretter med semje om Agenda 2030 og dei nye berekraftsmåla. Noreg sitt arbeid i komiteen vart i stor grad prega av skadeavgrensing – om å unngå uheldige føringar eller parallelle spor for oppfølginga av desse to agendaene – og om å unngå politiske tilbakeslag i saker som det var semje om i Addis Abeba og Agenda 2030. Noreg heldt fleire plenumsinnlegg i komiteen – eitt hovudinnlegg og fleire tematiske innlegg om berekraftig utvikling, utviklingsaktivitetane til FN og globale økono-

miske spørsmål, i tillegg til eit innlegg om reform av arbeidsformene i komiteen.

I det norske hovudinnlegget vart det oppmoda til større politisk vilje for ei effektiv og samstemt oppfølging av berekraftsmåla og finansiering for utviklingsagendaen i 2. komité, og det vart vist til kor viktig det er å sikre ein økonomisk og berekraftig vekst som er driven fram av likestilling, kamp mot ulovleg kapitalflukt, mobilisering av nasjonale ressursar og auka bidrag frå den private sektoren.

Resolusjonsforhandlingane i 2. komité vart avslutta fleire veker på overtid. Fleire resolusjonsframlegg vart lagde fram lenge etter fristen, noko som fekk USA, Japan, Canada og Australia til å nekte å engasjere seg i forhandlingane. Mange resolusjonar enda dermed opp som reine prosedyrerresolusjonar. Mange hadde venta at resolusjonane om operasjonelle aktivitetar og sør-sør-samarbeid, som vart tekne til voting året før, skulle bli kompliserte. Men her syntte G77 seg konstruktive og var villige til å halde seg innanfor den vedtekne ordlyden, slik at det nokså snøgt vart oppnådd konsensus. Resolusjonen om samarbeid med mellominntektsland vart lagd fram etter tidsfristen og inneholdt mange krevjande framlegg, mellom anna om auka FN-innsats i desse landa. På grunn av tidsnaud og boikott frå store vestlege land klarte G77, EU og Noreg å verte samde om ein pragmatisk resolusjon tufta på den tidlegare vedtekne ordlyden. Noreg bidrog med ein kompromisstekst om at ein skal diskutere korleis FN kan gje meir effektiv og betre fokusert støtte til mellominntektsland, og at ein bør sjå på korleis FN kan gje betre støtte i ulike landkontekstar.

I resolusjonen om kvinner i utvikling lukkast det etter lange og vanskelege forhandlingar å verte samde om å ta omsyn til likestilling i politikk i samband med freds- og konfliktløysing, om å fremje kvinners rett til land og eigedom, og om gode formuleringar om hiv/aids. I resolusjonane om gjeldsberekraft og oppfølging av konferansen om finansiering for utvikling var det sterke motsetnader om innhaldet, og vegen til semje vart òg her korte, nærmast prosedyremessige resolusjonar. Resolusjonen om internasjonale finanssystem vart styrkt med ein tekst om kamp mot korruption og skatteunndraging, ulovleg kapitalflyt og gjeldsberekraft. I tillegg vart det gjort store framsteg med ein ny og meir omfattande tekst om kvinner og likestilling i økonomiske spørsmål og finanssystemet.

Forhandlingane om den såkalla Agenda 21-resolusjonen om berekraftig utvikling, som var sentral for oppfølging av FN-konferansen om miljø

og utvikling (Rio+20-konferansen) i 2012, vart svært vanskelege. G77 prøvde å gjere han til ein resolusjon om oppfølging av Agenda 2030, noko som alle dei andre motsette seg, fordi det i praksis ville skape ein parallel oppfølgingsprosess i 2. komité til den prosessen som er vedteken i Agenda 2030. G77 var ikkje villige til å forhandle om anna enn sin egen tekst, og forhandlingane stranda. Løysinga vart ein sterkt nedkorta tekst frå den brasilianske tilretteleggjaren, der dei uheldige føringane for Agenda 2030 var fjerna.

Sverige og Fiji tok initiativ til ein resolusjon om å halde ein serie FN-konferansar for gjennomføring av utviklingsmål 14 om berekraftig utnytting av havområda i verda. Noreg var, saman med andre tunge havretts- og utviklingsaktørar, uroa for at dette kunne undergrave eksisterande havrettsstrukturar og fragmentere utviklingsagendaen gjennom skiping av eigne mekanismar for dei ulike utviklingsmåla. Kompromisset vart til slutt å halde éin FN-konferanse på Fiji i juni 2017, der føremålet skal vere å medverke til politisk momentum om utviklingsmål 14. Japan var pådrivar for ein resolusjon om innføring av ein eigen dag for større merksemd om tsunamiar. Noreg følgde òg forhandlingane om *International Strategy for Disaster Reduction* (ISDR), der det var mykje diskusjon om finansiering. Alle desse resolusjonane vart vedtekne ved konsensus.

Resolusjonen i år om global helse og utanriks-politikk handla om å styrke FN si handtering av internasjonale helsekriser, og vart vedteken ved konsensus etter først å ha gjennomgått ein innleidande forhandlingsrunde i Genève. I år vart forhandlingane leidde av Senegal på vegner av sjulandsgruppa for global helse, der Noreg, Indonesia, Sør-Afrika, Thailand, Brasil og Frankrike utgjer resten av medlemmene.

2.6 Generalforsamlingas 3. komité (menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål)

I 3. komité markerte Noreg seg som ein tydeleg og aktiv menneskerettsaktør i sentrale resolusjonsforhandlingar, og vi fekk gjennomslag for dei viktigaste prioriteringane våre. Noreg tok òg aktivt og tydeleg del i fleire av generaldebattane og i svært mange interaktive dialogar, tematiske så vel som geografiske. I tillegg var Noreg aktivt med i fleire sidearrangement.

Overordna sett var det ein konstruktiv sesjon. Det samla talet på resolusjonar går framleis litt ned, delvis som eit resultat av innsatsen frå Noreg

og andre land for å betre arbeidsmetodane i komiteen. 62 resolusjonar vart vedtekne i denne sesjonen, 18 av desse ved avrøysting. Dette er fleire enn før, noko som viser at motsetnadene ofte er store. Samstundes var usemjø størst når det galdt dei resolusjonane som det var røysta over. Dei andre resolusjonane var prega av eit litt mindre motsetnadsfylt forhandlingsklima enn før.

Dei mest kontroversielle temaene dreidde seg i stor grad om kvinnernas rettar og ikkje minst spørsmål i samband med kvinnernas seksuelle og reproduktive helse og rettar. Seksuell orientering og identitet er framleis eit svært vanskeleg tema, og rettane til homofile er framleis blant dei mest omstridde temaene i komiteen, trass i at det ikkje var resolusjonar med eksplisitte referansar under denne sesjonen.

Noreg leidde to resolusjonsforhandlingar om høvesvis menneskerettsforkjemparar og internt fordrivne. Den sistnemnde resolusjonen vart vedteken ved konsensus. Språket vart styrkt på fleire viktige område, mellom anna med klarare referanse til normativt rammeverk og internasjonal humanitærrett (IHL). Resolusjonen om menneskerettsforkjemparar vart teken til votering for første gong. Etter lange og harde forhandlingar vart han vedteken med klart fleirtal. Stridens kjerne i forhandlingane var behovet for å anerkjenne den viktige rolla som menneskerettsforkjemparane har, og, på bakgrunn av ein situasjon med aukande forekomst av trugsmål, skremsler og åtak, kor viktig det er å gje dei særskilt vern.

Som før deltok Noreg i kjernegruppa for resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Iran. Resolusjonen vart vedteken med litt mindre oppslutning enn før. Noreg deltok òg aktivt i arbeidet med dei tre andre landspesifikke resolusjonane om Syria, Nord-Korea og Myanmar. Resolusjonen om Nord-Korea vart vedteken utan den same dramatikken som under den førre sesjonen. Teksten viser i år òg til Den internasjonale straffedomstolen (ICC). Syria-resolusjonen fekk monaleg lågare oppslutning enn før, etter at teksten vart sterkt prega av motsetnader mellom Iran og Saudi-Arabia, der Saudi-Arabia var den som la fram resolusjonen. Myanmar-resolusjonen la vekt på å balansere mellom å anerkjenne framgangen i den demokratisk overgangsprosessen, samstundes som utfordringane på menneskerettsområdet varar ved. Resolusjonen vart vedteken ved konsensus.

Noreg la elles særleg vekt på å delta aktivt i forhandlingane om resolusjonane om kamp mot tortur, vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme, rettane til barn, vern av journalistar, demokratiske val og rettane til urfolk.

2.7 Generalforsamlingas 4. komité (særskilte politiske spørsmål)

Generalforsamlingas 4. komité har ansvaret for særskilte politiske spørsmål, mellom anna avkolonisering, Palestina, FNs fredsbevarande operasjonar og FNs spesielle politiske oppdrag. I tillegg finst det einskiltståande punkt på dagsordenen til komiteen, til dømes radioaktiv stråling, informasjon og fredeleg bruk av det ytre rommet. Som tidlegare vart det røysta over svært mange resolusjonar og vedtak i komiteen, mellom anna resolusjonane om avkolonisering og om Palestina-spørsmålet.

Under den årlege debatten om FNs fredsoperasjonar stod rapporten frå høgnivåpanelet for fredsoperasjonar i fokus, saman med gjennomføringsrapporten til Generalsekretären. Mange land ønskte begge rapportane velkommen, men med ulik vektlegging. Medan Den alliansefrie rørsla (NAM) var mest positiv til rapporten frå høgnivåpanelet, uttrykte USA og EU meir støtte til Generalsekretären sin rapport. Behovet for større merksemd om førebygging, mekling og solide politiske prosessar vart trekt fram på tvers av gruppene. NAM tok til orde for at det politiske oppdraget til FN skal finansierast etter modell av dei fredsbevarande operasjonane. Fleire afrikanske land tok til orde for meir robuste mandat og oppgåver som krev meir bruk av makt på taktisk nivå, mellom anna for å verne sivile. Mange land var opptekne av at det må vere nulltoleranse for seksualisert vald i FN-operasjonar. Dette temaet var ei stor sak under Generalforsamlinga i år. Frå norsk side la ein også vekt på at det må vere samsvar mellom mandat og ressursar, snøggare etablering av nye operasjonar, ei heilskapleg tilnærming til vern av sivile, vidareføring av reform av politiinnsatsen og styrking av kvinnernas deltaking og av kjønnsperspektivet. Noreg og Etiopia har teke på seg ei særskilt rolle for å følge opp reformrapportane for å sjå til at viktige element og naudsynte reformer vert følgde opp.

Resolusjonen om politiske operasjonar (*Special Political Missions – SPMs*) vart vedteken utan avrøysting, med små endringar jamført med tidlegare. Noreg tok opp behovet for å betre den administrative støtta til dei politiske operasjonane for å sikre at nye operasjonar kjem på plass snøggare. 90 prosent av personellet i dei politiske operasjonane til FN arbeider no med førebygging og konfliktløsing. Styrkinga av desse instrumenta er avgjerande for at FN skal kunne realisere målet sitt om «å spare nye generasjonar for krig og konflikt».

Midtausten- og Palestina-debatten og handsamminga av dei einskilde resolusjonane følgde eit velkjent mønster. Det var mykje fokus på den økonometriske situasjonen til FN-organisasjonen for palestinske flyktingar (UNRWA), som var meir kritisk enn på mange tiår. Skoletilbodet for ein halv million barn i Jordan, Libanon, Syria og Palestina stod hausten 2015 i fare for å verte redusert. Noreg medverka til å synleggjere dei finansielle utfordringane for UNRWA gjennom rolla som rapportør for FNs arbeidsgruppe om finansiering av UNRWA, og framlegging av rapporten for komiteen.

Under spørsmålet om avkolonialisering og debatten om ikkje-sjølvstyrte territorium var det som i tidlegare år sterke motsetnader mellom Marokko og fleire afrikanske land i spørsmålet om Vest-Sahara. Det same galdt tilhøvet mellom Storbritannia og Argentina om Falklandsøyane og mellom Storbritannia og Spania om Gibraltar. Voteringane følgde røystemønsteret frå tidligare år med tilhøyrande røysteforklaringar.

Fleire tematiske resolusjonar, til dømes om det ytre rommet, radiologisk stråling og minetiltaka til FN, vart vedtekne. Nytt i år var at USA fremja ein prosedyrereresolusjon med avgjerd om å utvide komiteen for fredeleg utnytting av det ytre rommet (*Committee on the Peaceful Uses of Outer Space – COPUOS*) med dei seks landa som søkte medlemskap: El Salvador, Israel, Oman, Qatar, Sri Lanka og Dei sameinte arabiske emirata. Dette var for å unngå at det vart avrøysting på kvar sokjar, noko som ville ha gjort det vanskeleg for Israel. Resolusjonen vart vedteken ved avrøysting.

2.8 Generalforsamlingas 5. komité (budsjettspørsmål)

For første gong på fleire år klarte FN-komiteen for budsjettspørsmål å verte ferdig før jul. Dette var eit tydeleg uttrykk for eit monaleg betre forhandlingsklima i komiteen. Ikkje minst medverka G77 sine forhandlarar til dette. Det var ikkje mogleg å stå imot kravet frå EU, USA og Japan om nedskjeringar, noko som ført til eit relativt sett lågt budsjetttnivå for FN dei neste to åra. Noreg medverka likevel til å auke talet på stillingar ved FNs organisasjon for palestinske flyktingar (UNRWA) og til at FNs miljøorganisasjon (UNEP) fekk overført fleire stillingar frå frivillige bidrag til det regulære budsjettet.

Dei attståande norske prioriteringane var blant dei vanskelegaste og mest kompliserte sakene under hovudsesjonen i år. Spørsmålet om

eigne budsjett for politiske operasjonar (SPMs), med årlege tildelingar på lik linje med dei fredsbevarande operasjonane, var til behandling i komiteen for femte gongen, utan at det var mogleg å finne ei løysing som alle kunne vere samde om. Noreg heldt eit innlegg på vegner av Noreg og Sveits til støtte for denne budsjettmessige reforma som vil medverke til betre organisering av det førebyggjande diplomati til FN. Sjølv om utfallet enno ein gong vart utsetjing, medverka Noreg, saman med fleire andre land, til eit positivt momentum i å finne ei løysing på den fastlåste saka. Noreg arbeidde målretta for å få støtte for at FNs høgkommissær for menneskerettar skal få gjennomføre ei desentraliseringssreform. Her hadde vi innlegg saman med Tyrkia og Sveits.

Ei anna sak på dagsordenen der Noreg spelte ei svært aktiv rolle, var arbeidet for å vedta at sekretariatet skal gje finansiell støtte til FNs system for lokale koordinatorar. Sjølv om alle dei prioriterte temaene våre på hovudsesjonen i år enda med utsetjing, gav forhandlingane visse positive indikasjonar på at komiteen vil kunne semjast når desse sakene kjem opp til ny behandling i år. Det er tradisjon for at alt som vert behandla i 5. komité, vert avgjort ved konsensus og ikkje ved avrøysting.

Komiteen vedtok òg dei to bidragsskalaene for fordelinga av faste løyingar frå medlemslanda til FN for de neste tre åra, både regulære budsjett og budsjettet for fredsbevarande operasjonar. Spesielt første bidragsskalaen for dei fredsbevarande operasjonane til ein hard debatt mellom den gruppa av utviklingsland som nyt godt av rabattar på sine bidrag, og dei faste medlemmene i Tryggingsrådet, som dekkjer størstedelen av kostnadene. Unntaket var Kina, som stolt kunne melde at dei frå 2016 ville bli den nest største bidragsytares til FNs fredsbevarande operasjonar.

2.9 Generalforsamlingas 6. komité (rettslege spørsmål)

Under 6. komité i år vart det i alt behandla 19 saker og vedteke 11 resolusjonar, alle ved konsensus. Noreg heldt innlegg om internasjonal terrorisme, *Program of Assistance* (fellesnemning for FNs audiovisuelle bibliotek, regionale program og stipend), universaljurisdiksjon, straffansvar for FN-tilsette og innlegg om ulike tema som er behandla av den årlege rapporten til FNs folkerettskommisjon. Fleire av desse innlegga vart haldne på vegner av dei nordiske landa.

Det viktigaste som hende på sesjonen i år, var framgangen som vart oppnådd om straffansvar for FN-tilsette, noko som har vore ein hovudprioritet for Noreg i mange år. I resolusjonen i år vert statane bedne om å rapportere detaljert om nasjonale tiltak, mellom anna med ei eventuell grunnlagjering for ikkje å setje i verk tiltak. Vidare seier resolusjonen at Generalsekretæren skal gje full rapport om saker som er vortne overførte frå FN til nasjonale jurisdiksjonar for etterforskning etter 1. juli 2007, då tilvisingssordninga vart innført. Dette vil legge til rette for ytterlegare tiltak for å sikre betre rapportering og effektiv nasjonal oppfølging av overførte saker. Det vil òg kunne påverke andre liknande prosessar, ikkje minst freistnadene på å syte for at militære kontingentar i FN-teneste vert haldne ansvarlege for seksuelle overgrep. Debatten om universaljurisdiksjon gjekk føre seg langs kjente linjer, og det lukkast for Noreg med fleire å motverke at prinsippet om universaljurisdiksjon vart offer for ytterlegare tilbakeslag. Debatten om internasjonal terrorisme fokuserte på kampen mot ekstremisme og framandkrigarverksem. Når det galdt arbeidet med den heilskaplege terrorkonvensjonen (CCIT), som har til hovudføremål å innføre ein internasjonal definisjon av terrorisme, vart det snøgt klart at ingen av dei sentrale aktørane, USA og visse EU-statar på den eine sida og dei islamiske landa (OIC) på den andre, hadde nemneverdig vilje til å forhandle konstruktivt. Resultatet inneber at det neppe vert semje om ein definisjon av terrorisme med det første.

2.10 Saker som har gått direkte i plenum i Generalforsamlinga

Kvar år er det nokre resolusjonar som går direkte i Generalforsamlinga, utan først å ha vore til behandling i nokon av komiteane.

Den såkalla flaggsaka fekk stor merksemd i år. Generalforsamlinga vedtok at flagga til observatørstatar kunne heisast utanfor FN-hovudkvaretet og FN-kontora. Resolusjonen, som vart fremja av Palestina, vart vedteken med 119 røyster for, 8 imot og 45 avståande. 21 land var ikkje til stades. Noreg røysta avståande og heldt røysteforklaring. Mange av dei europeiske landa som avstod, hadde liknande røysteforklarings som Noreg, det vil seie at resolusjonen ville endre den etablerte praksisen at det er flagga til medlemslanda som heng utanfor FN-hovudkvaretet, og at vedtaket ville skape uehdig presedens, men at ei avståing ikkje måtte skape tvil om at støtta til ei tostatsløysing

står ved lag. Partane vart difor oppmoda til å halde fram med forhandlingane. Landa som røysta for resolusjonen, meinte at avrøystinga var ei naturlig forlenging av 2012-avrøystinga, då Palestina fekk observatørstatus. USA røysta imot, fordi dei meinte at eit palestinsk flagg utanfor FN ikkje var eit alternativ til forhandlingar.

Noreg var medframleggsstillar til ein resolusjon til støtte for samarbeidet mellom FN og Forumet for samarbeid mellom øystatar i Stillehavet. Resolusjonen om krav om oppheving av USAs handelsblokade mot Cuba er ei årleg tilbakevendande sak i Generalforsamlinga. Dette er den resolusjonen i Generalforsamlinga som får flest ja-røyster gjennom sesjonen. Også i 2015 vart han vedteken med overveldande fleirtal. 191 av 193 medlemsland røysta for. Trass i det positive klimaet med etablering av diplomatisk samband mellom USA og Cuba, røysta Israel og USA, i tråd med tradisjonen, imot resolusjonen. Men for første gongen var det ingen øystatar som lét vere å røyste, noko som i dei tidlegare åra har vore sett som ein måte å signalisere støtte til USA. Stemninga i salen etter avrøystinga tydde på at denne auken i ja-røyster vart oppfatta som ein stor siger.

Generalforsamlinga i FN vedtok å utvikle ein folkerettsleg avtale under FNs havrettskonvensjon om vern og berekraftig bruk av marint naturmangfold i havområde utanfor nasjonal jurisdiksjon. Generalforsamlinga skipa ein førebuande komité som skal førebu forhandlingane om ein

slik avtale ved å kome med tilrådingar om element til ein ny avtale. Den nye avtalen skal mellom anna regulere tilgang til og fordelsdeling frå marine genetiske ressursar, bruk av marine verneområde og konsekvensutgreiingar. Den førebuande komiteen skal ha to møte i 2016 og to møte i 2017 før han skal kome med tilrådingar til Generalforsamlinga om element til ny avtale innan utgangen av 2017. Dette er ei viktig sak for Noreg, og arbeidet i den førebuande komiteen vert difor følt tett frå norsk side.

Det er lagt opp til at Generalforsamlinga skal ta avgjerd om tilskiping av ein diplomatkonferanse innan utgangen av den 72. sesjonen i Generalforsamlinga (innan hausten 2018).

Noreg kom med tekstmønster til og støttet initiativ frå andre land om prioriterte område i havretts- og fiskeriresolusjonane, til dømes om havureining, plast og mikroplast, kamp mot faunakriminalitet, medrekna fiskerikriminalitet, mattryggleik og tiltak som gjeld småskalafiske. Vi fekk gjennomslag for fleire av framlegga våre, men møtte òg motstand på visse område. Som tidlegare var det førande for den generelle norske tilnærminga å sikre systemet til havrettskonvensjonen som den overordna rettslege ramma for tiltak i den marine sektoren. Det vart røysta over havrettsresolusjonen, og det var berre Tyrkia, som før, som røysta imot. Fiskeriresolusjonen vart vedteken ved konsensus.

3 Tryggingsrådet

Konfliktane i Syria, Sør-Sudan, Burundi, Libya, Israel og Palestina prega dagsordenen til Tryggingsrådet hausten 2015. Tryggingsrådet var framleis prega av det kjølege tilhøvet mellom Russland og vestlege land. Trass i dette klarte Tryggingsrådet å semjast på viktige område, til dømes tiltak mot internasjonal terrorisme/ISIL, skiping av ei gruppe som undersøkjer bruken av kjemiske våpen i Syria, og oppfølging av FNs fredsoperasjoner.

Det viktigaste vedtaket hausten 2015 var resolusjonen om eit politisk vegkart for å løyse konflikten i Syria. Etter nesten fem år med krig og steile frontar mellom USA og Russland, klarte stormaktene å verte samde om dette historiske vedtaket. Den vanskelege utviklinga på bakken gjør at oppfølginga av resolusjonen vil vere krevjande. Tryggingsrådet forlenget resolusjonane om humanitær tilgang, noko som førte til ei viss betring i den humanitære situasjonen, men ikkje for menneska i kringsette område som er vanskelege å nå inne i Syria. Ei viktig utvikling er vedtaket av tryggingsrådsresolusjon 2253, som utvidar det regimet som gjeld for Al Qaida, til òg å gjelde for ISIL og tilhørande grupper. Noreg og 67 andre land var medframleggsstillerar til resolusjonen.

Den fastlåste politiske situasjonen i Libya kom endå høgare opp på dagsordenen til Tryggingsrådet på grunn av at ISIL har styrkt stillinga si i landet, og på grunn av migrasjonsstraumane over Middelhavet.

Tryggingsrådet vedtok ein resolusjon om kamp mot menneskesmuglarar. Denne resolusjonen gav eit rettsleg grunnlag for tiltak på det opne havet utanfor kysten av Libya, men ikkje i libysk territorialfarvatn, der det er mistanke om menneskesmugling eller menneskehandel. FN var ein sentral aktør i å forhandle fram ein politisk avtale mellom ulike libyske fraksjonar. Det har likevel vist seg å vere fleire utfordringar knytte til ei formell libysk godkjenning av avtalen og etablering av ei samlingsregjering i Tripoli.

Israel-Palestina-konflikten stod på dagsordenen til Tryggingsrådet hausten 2015 òg, særleg som følgje av det høge valdsnivået i Israel og

Palestina. Det var retta nokså lite merksemrd mot Jemen jamfør med lidingane på bakken. Om lag 21,1 millionar menneske, det vil seie 82 prosent av befolkninga, treng naudhjelp. Berre eitt ope møte om Jemen vart halde gjennom hausten.

Tryggingsrådet medverka aktivt til at fredsavtalen i Sør-Sudan vart inngått hausten 2015. Etter at avtalen var inngått, vart mandatet for den fredsbevarande FN-operasjonen i Sør-Sudan (UNMISS) fornya, med sikte på å støtte opp om oppfølginga av avtalen. Situasjonen i Burundi kom stadig høgare på dagsordenen til Tryggingsrådet, i takt med valdsspiralen og det aukande omfanget av hatefulle ytringar utover hausten. Tryggingsrådet vedtok 12. november resolusjon 2248, som mellom anna tok klar avstand frå valden og mangelen på genuin dialog mellom partane, og fordomte offentlege fråsegner som oppmodar til hat og vald mot ulike delar av befolkninga.

Menneskerettssituasjonen i Nord-Korea vart i 2015 òg sett på dagsordenen i Tryggingsrådet på den internasjonale menneskerettsdagen 10. desember.

Under den årlege opne debatten i Tryggingsrådet om kvinner, fred og tryggleik vart det i oktober markert at det er 15 år sidan den første resolusjonen om tematikken, resolusjon 1325, vart vedteken. Statssekretær Tone Skogen deltok på markeringa frå norsk side, og i innlegget sitt la ho vekt på norsk støtte, både finansielt og politisk, til arbeidet med kvinner, fred og tryggleik, både heime og ute. Ho viste også til paradokset i at det framleis er få kvinner rundt bordet i fredsforhandlingar. Den åttande resolusjonen om kvinner, fred og tryggleik vart òg samråystes vedteken i Tryggingsrådet. Resolusjon 2242 hadde rekordmange medframleggsstillerar, der Noreg og 74 andre land stilte seg bak teksten. Resolusjonen omfattar mellom anna språk om kvinner si rolle i kampen mot valdeleg ekstremisme.

Ein resolusjon om ungdom, fred og tryggleik vart vedteken i desember, etter initiativ frå Jordan. Resolusjonen strekar mellom anna under den viktige rolla som ungdom spelar i kampen mot valdeleg ekstremisme.

4 Styrking av FN, reform, og aktørar

Reform av FN er eit krevjande og mødesamt arbeid. Hovudutfordringa er som oftast ikkje mangel på idear om korleis organisasjonen skal styrkjast og møte utfordringane ein står overfor, men heller å få alle dei 193 medlemslanda til å verte samde om konkrete reformer. Under den 70. generalforsamlinga spela Noreg ei aktiv rolle i mange store og små prosessar for å effektivisere og styrke FN.

Hausten 2015 var det lite framgang i spørsmålet om reform av Tryggingsrådet, men det har vore ein viss framgang når det gjeld reform av arbeidsmetodane til Rådet. Noko av dette kjem etter innspel frå ACT-samarbeidet, ei gruppe av 26 land der Noreg tek del, og som arbeider aktivt for ei meir open og ansvarleg haldning og større grad av innsyn i arbeidet til Tryggingsrådet.

I FN-arbeidet for fred og tryggleik har Noreg spelt ei aktiv rolle for å følgje opp tre FN-gjennomgangar av høvesvis FNs fredsoperasjonar, fredsbyggingsarkitektur og agenda for kvinner, fred og tryggleik. Frå norsk side har vi særleg prioritert å styrke FNs konfliktførebyggjande evne, FNs fredsoperative evne, partnarskapet mellom FN og regionale organisasjonar og kvinnernas deltaking i alle freds- og tryggleiksprosessar. Delegasjonen har spelt ei viktig rolle når det gjeld å støtte det uavhengige panelet som i juni la fram rapporten sin om FNs fredsoperasjonar. Saman med Etiopia leidde Noreg ei vennegruppe for panelet, som har vore eit viktig forum for drøfting av tilrådingane til panelet òg etter at rapporten vart lagd fram. Noreg har òg aktivt støttet Generalsekretæraren sitt initiativ *Human Rights Up Front*. Vidare følgde delegasjonen dei FN-relaterte vala og kandidatura tett og arbeidde strategisk rundt desse med tanke på norske utanrikspolitiske interesser.

Det er framgang i arbeidet med å effektivisere utviklingsaktivitetane til FN, men det er framleis potensial for betringar. Utviklingssystemet i FN har sett i verk ein handlingsplan for oppfølging av rammeresolusjonen om den operasjonelle verksamda til FN frå 2012. Over 50 land har no valt tilnærminga «levere som éin» for FN-arbeidet på landnivå, og nye arbeidsmetodar og harmonisering av administrative prosedyrar viser lovande

resultat. I diskusjonane om FNs operasjonelle aktivitetar uttrykte mange land, medrekna Noreg, varsemd mot å leggje inn føringar i årets resolusjon som føregrip utfallet av den pågåande dialogen om korleis utviklingsaktivitetane til FN skal innrettast, og kva tilrådingar Generalsekretæraren skal leggje fram før forhandlingane av den nye rammeresolusjonen om den operasjonelle verksamda til FN tek til hausten 2016. Ein sterk koordinator på landnivå er ein føresetnad for å lukkast med ei einskapleg handtering på tvers av FN-organisasjonane og effektivisering av FN, og det er urovekkjande at 5. komité ikkje har lukkast i å kome til semje om inndekkinga av FN-sekretariatet sin del av utgiftene til lokale koordinatorar, trass i at det er semje om kostnadsinnndeling internt i FN og støtte for denne byrdefordelinga i 2. komité.

I fleire år har ei ad hoc-gruppe arbeidd med spørsmålet om revitalisering av Generalforsamlinga, utan at dette tidlegare har ført til større resultat. For første gongen, i 2015 som det aller siste punktet på dagsordenen under 69. sesjon, var det konsensus om ein resolusjon som la grunnlaget for reelle reformer. Det viktigaste som det vart semje om, var endringar som fører til at generalsekretæraren i FN vert vald på ein meir open måte. Hausten 2015 vart den nye prosedyren innført ved at presidenten for Generalforsamlinga og leiaren for Tryggingsrådet sende ut eit brev der dei i fellesskap inviterte medlemslanda til å kome med framlegg til kandidatar. Utover våren 2016 vart det halde høyringar av kandidatane. Det er òg semje om ei liste med kvalifikasjonar som ein ny generalsekretær bør ha, og medlemslanda vert oppmoda til å fremje kvinnelege kandidatar.

Det er òg eit behov for å gå kritisk gjennom arbeidsmetodane til alle komiteane, både når det gjeld organisering av debattar og resolusjonsforhandlingar og med tanke på kor mange resolusjonar som skal fremjast. Tida det tek å forhandle fram ein resolusjon, er òg eit tilbakevendande problem. Dette gjeld særleg i 5. komité for budsjettspørsmål, som har ein meir samansett struktur enn dei andre komiteane, med eit eige rådgjevingsorgan som går gjennom alle framlegg og

legg fram tilrådingar for komiteen (ACABQ). Ettersom 5. komité tek bindande avgjerder, er det viktig at prosessane vert meir effektive og at prosedyrane for budsjettbehandlinga vert etterlevde. Dessverre har det vore få betringar både med omsyn til nye metodar og ny praksis, sjølv om komiteen viste meir disiplin i forhandlinga i år enn i tidlegare år. Eit grunnleggjande problem for Generalforsamlinga er at den rigide gruppedynamikken ofte står i vegen for konsensusløysingar. Dessverre ser vi ofte at meir ytterleggåande element vinn fram i G77/NAM. I tillegg spelar Russland ofte ei sjølvhevdande og lite konstruktiv rolle. Russarane har vore kritiske til ei rekke reformframlegg, både når det gjeld arbeidsmetodane i Generalforsamlinga og tiltaka for å få eit meir ope Tryggingsråd.

2016 blir eit viktig år for FN, ikkje minst i lys av at det skal veljast ny generalsekretær. Gjennom prosjektet *FN70: Ein ny dagsorden* har Noreg teke initiativ til å utvikle og fremje ei liste med tilrådingar til ein ny generalsekretær om politikk og idear til reform. I dette arbeidet arbeider vi saman med andre land, tankesmier, forskrarar, FN-tilsette og

sivilsamfunnet. Målet er å påverke, og støtte, den neste generalsekretæren i FN i arbeidet med å styrke organisasjonen når det gjeld saker som ho eller han har innverknad på. Det er store forventningar til den som skal leie FN frå 2017. Og i framtida vil evna blant medlemslanda i FN til å finne fram til konsensusløysingar verte testa på nyt. I 2016 held Noreg fram arbeidet for at FN skal fungere betre og bli ein meir effektiv og moderne organisasjon. Vi vil òg prøve å spele ei brubyggjarrolle, slik at dei 193 medlemslanda i FN forhåpentlegvis kan verte samde om korleis FN kan reformerast på ein slik måte at organisasjonen vert betre rusta til å møte dei utfordringane som kjem i framtida.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet 12. august 2016 om Noregs deltaking i den 70. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) vert send Stortinget.

Vedlegg 1**Noregs prioriteringar til FNs 70. generalforsamling***Utanrikspolitikken til regjeringa*

Det fremste målet til utanrikspolitikken er å sikre og fremje norske interesser – våre verdiar, vår tryggleik og vår velferd. Regjeringa mobiliserer for å unngå at tiår med framgang for demokrati, menneskerettar, frihandel og internasjonalt samarbeid vert sette tilbake.

Verda har opplevd store framsteg dei siste tiåra. Aldri før har så mange av borgarane på koden nytt så godt av så mykje velstand og samarbeid. Verdshandelen er åttedobla sidan 1970, og talet på ekstremt fattige er halvert. Fleire lærer å lese og skrive og er sikra god helse. Samstundes har dei siste åra lært oss at vi ikkje kan rekne det som sjølvsagt at framgangen skal halde fram, noko som strekar under behovet for eit velfungeende FN. Etter at utviklingstrekka har vore positive i fleire tiår, er tala på drepne i krig og konflikt no stigande. Aldri før har fleire vore på flukt frå heimane og landa sine. Mykje tyder på at det dreier seg om varige endringar i negativ retning. Norsk utanrikspolitikk må i dag ta omsyn til eit svært samansett og krevjande trugselbilete. Russlands brot på folkeretten og destabilisering av Ukraina spreier utryggleik gjennom Europa. Brutaliteten til ISIL og andre ekstremistar sjokkerer. Migrasjon og menneskesmugling over Middelhavet til Europa utfordrar den felles yttergrensa, både for oss og EU. Utanrikspolitikk blir innanrikspolitikk. Dette krev ein samla og effektiv respons.

I møte med dagens krevjande utanrikspolitiske røyndom skal vi halde fram med å pleie politisk venskap med handelspartnerane våre i EU og dei nære allierte vi har i USA og resten av NATO. Samstundes må vi auke innsatsen overfor framveksande økonomiar og nye regionale institusjonar, slik nye avtalar med ASEAN (Organisasjonen for sør austasiatiske nasjonar) og AU (Den afrikanske unionen) er døme på. Vi skal også halde fram med å investere tungt i multilaterale institusjonar som FN.

FN er ein hjørnestein i norsk utanrikspolitikk. Samarbeid mellom land og etterleving av folkeret-

ten skapar resultat og sikrar dei felles interessene til landa. Den stadige utvidinga av verkeområdet for folkeretten – til å gjelde alt frå fredeleg konfliktløysing til luftfart, arbeidstilhøve, menneskerettar, utnytting av ressursar til havs, vern av naturmiljøet og komplekse finans- og investeringsoperasjonar – har saman med aukande handel og demokratiseing, skapt den verdsordenen vi nyt godt av i dag. FN har eit mandat og ein unik posisjon som gjev verdsorganisasjonen eit særleg ansvar for å medverke til å sikre at framgangen for demokrati, menneskerettar, utvikling og internasjonalt samarbeid gjennom fleire tiår vert vidareført.

Men FN, både som mellomstatleg arena og som aktør, må tilpasse seg ei verd med nye globale utfordringar og nye geopolitiske makkontellasjonar. FN må stadig reformeraast for å vere relevant i ei verd i rivande utvikling. Vi må ta vare på den tryggingspolitiske og folkerettslege arkitekturen som ligg føre – og oppdatere organisasjonen si evne til å handtere utfordringane i det 21. hundreåret. Det er først og fremst medlemslanda i FN som må ta ansvar for å vidareutvikle og reformere FN. Frå norsk side held arbeidet med reform og effektivisering av FN fram like sterkt som før. Prosjektet *FN70: Ein ny dagsorden* vil vere eitt av fleire instrument i dette arbeidet.

Generalforsamlinga i FN i år – sentrale norske interesser og posisjonar

FNs generalforsamling er den største internasjonale møteplassen i verda og ein unik arena for å fremje norske interesser, internasjonalt samarbeid og posisjonar på spørsmål som er sentrale for Noreg.

Høgnivåveka under FNs 70. generalforsamling vert innleidd med toppmøtet om berekraftig utvikling frå 25. til 27. september. Generaldebatten startar 28. september og varar fram til 6. oktober. Den norske delegasjonen, som vert leidd av statsminister Erna Solberg, vil delta på ei rekke bilaterale og multilaterale møte gjennom høgnivåveka.

Noreg vil arbeide for eit effektivt FN og for at organisasjonen skal styrke ivaretakinga av fred

og tryggleik, folkerett, menneskerettar, humanitære prinsipp og berekraftig utvikling. Regjeringa vil prioritere følgjande tema i og rundt dei formelle møta under Generalforsamlinga i år:

- Det er viktig at verda har kome fram til semje om ein ny utviklingsagenda med nye berekraftsmål. Statsministeren vil delta på toppmøtet der desse måla vert vedtekne. Noreg legg vekt på å markere at landa i verda forpliktar seg til ny innsats for å utrydde fattigdom gjennom berekraftig utvikling innan 2030.
- Hendingane dei siste åra har vist oss kor viktig det er å verne om folkeretten og ein verdsorden der rett går føre makt. Aksepterte speleregler er avgjerande for å kunne handtere ressursutnytinga til havs, vern av naturmiljøet, luftfart, ein omfattande varehandel og digital samhandel, komplekse finans- og investeringsoperasjonar og grenseoverskridande rettshandheving i møte med internasjonale terrortrugsmål.
- Globalisering og maktforskyving strekar under kor viktig det er å finne ein balanse mellom effektiv global styring og institusjonar som inkluderer dei legitime ambisjonane til framveksande statar og regionar. Dette er avgjerrande for å sikre at den globale oppslutninga om dei felles spelereglane som vert utvikla i FN og andre multilaterale organisasjonar, held fram og vert styrkt.
- ISIL og tilsvarande grupperingar kan berre nedkjempast med eit breitt spekter av politiske, militære, ideologiske og økonomiske verke-middel. Noreg medverkar på alle desse områda. Kampen mot ISIL, ekstremisme og framandkrigarar er eit sentralt tema under høgnivåeka og har høg prioritet frå norsk side. Det er viktig å søkje ei mest mogleg målretta rolle for FN i dette arbeidet, òg som ei oppfølging av stortingsmeldinga om globale tryggingsutfordringar.
- Arbeidet for fred, stabilitet og utvikling i sårbare statar utgjer ein av dei komparative føremonene til FN. Difor legg regjeringa særleg vekt på at FN vert sett i stand til å spele ei mest mogleg effektiv rolle i sårbare statar, både i fredsoperasjonar og utviklingsarbeid. Det er viktig at ulike FN-aktørar samarbeider nært for å maksimere synergiar og resultat på bakken i desse landa. Noreg legg òg vekt på arbeidet med å betre arbeidsmetodane til Tryggingsrådet i FN.
- Dei store humanitære behova som følgjer av mange av krisene i verda gjer at Noreg vil prioritere arbeidet for at det humanitære systemet i FN vert meir effektivt og betre tilpassa dei

utfordringane vi står overfor. Noreg vil støtte opp om arbeidet for betre finansiering og gå inn for at det humanitære systemet i FN får fleire støttespelarar og samarbeidspartnarar.

- Arbeidet for kvinners rettar og likestilling står sentralt i norsk utanriks- og utviklingspolitikk. Statsministeren vil delta på eit høgnivåmøte om likestilling som vert arrangert av UN Women og Kina i samband med 20-årsmerkinga for handlingsplanen frå Beijing.
- Noreg vil legge vekt på klimaspørsmål og møte der klimautfordringane vert tekne opp under Generalforsamlinga. Statsminister Solberg vil delta på toppmøtet som FNs generalsekretær og den franske presidenten inviterer til for å fremje forpliktingar frå medlemslanda i FN som eit ledd i arbeidet for eit godt resultat under klimaforhandlingane i Paris seinare i år.
- Utdanning har høgaste prioritet i utviklingspolitikken til regjeringa. Regjeringa tek sikte på å bruke ulike arenaer, nettverk og relevante møte under høgnivåeka til å fremje den grunnleggjande innverknaden som utdanning og jobbskaping har på utvikling.

Fred, tryggleik og sårbare statar

Det er eit overordna mål å styrke FN si evne til å bevare internasjonal fred og tryggleik. FN skal førebyggje og stoppe væpna konfliktar, verne sivile og fremje langsiktig fredsbygging.

Talet på statar som vert råka av samanbrot, lovløyse og porøse grenser har auka dei siste åra. Det er stor fare for at problem som har røter i mislukka statar, spreier seg til land som er prega av orden og velstand. FN spelar ei nøkkelrolle i sårbare statar. FN kan setje i verk fredsoperasjonar, humanitære tiltak og utviklingstiltak, og kan fremje menneskerettane. Vektlegginga av stabile og fredelege samfunn og styresett i utviklingsagendaen fram mot 2030 gjev FN eit sterkare mandat for arbeid i sårbare statar, òg i land som ikkje står på agendaen til Tryggingsrådet.

Noreg vil medverke til at arbeidet til FN vert styrkt i land og område som er svært politisk sårbar. Det er særskilt viktig å sjå verkemidla til FN i samanheng, og at innsatsen vert innretta på ein heilskapleg og integrert måte. Oppfølginga av rapporten til høgnivåpanelet om reform av fredsoperasjonane til FN, frå juni i år, strekar under behovet for ei heilskapleg tilnærming til sårbare statar. Noreg vil arbeide for at finansieringa av FN-arbeidet i sårbare statar vert styrkt.

Noreg skal fremje vernemandata til Tryggingsrådet, mellom anna gjennom å støtte resolu-

sjonar og ta del i debattar om kvinner, fred og tryggleik, seksualisert vald, barn i væpna konflikt, vern av sivile i væpna konflikt og ansvaret for å verne sivile mot folkemord, etnisk reising, brotsverk mot menneskeslekta og krigsbrotsverk (*Responsibility to Protect*, R2P). Det er tiårsjubileum for R2P, og den danske presidenten for Generalforsamlinga vil truleg fremje ei rekke initiativ for å markere dette, mellom anna ein resolusjon. Noreg vil støtte opp om dette. Noreg vil vere med på å utvikle idear og framlegg som kan bevare legitimeten og effektiviteten til Tryggingsrådet og føre til eit meir ope og inkluderande Tryggingsråd, mellom anna gjennom deltaking i gruppa av land som arbeider for å betre arbeidsmetodane til Rådet (ACT).

Det norske engasjementet i arbeidet for fred og tryggleik skal medverke til å støtte opp under Sverige og Noreg sine kandidatur til å få ein vald plass i Tryggingsrådet til FN, høvesvis for periodane 2017–18 og 2021–22.

FN-responsen på utfordringane i Midtausten/Golfen, Sahel-regionen, Sør-Sudan, Somalia og Den sentralafrikanske republikken vil bli prioritert. Noreg vil også arbeide for at FN skal medverke til ei løysing av Ukraina-krisa som tryggjer den territoriale integriteten til Ukraina.

Noreg vil medverke aktivt til at FN arbeider for å trygge menneskerettane i fredsoperasjonar og andre internasjonale oppdrag, medrekna å førebygge og reagere mot seksuelle overgrep utførte av personell som gjer teneste i FN-styrkane.

Noreg vil støtte aktivt opp om den internasjonale avtalen om våpenhandel (ATT). Vi vil også støtte arbeidet for at både minekonvensjonen og konvensjonen om klasevåpen skal gjennomførast, mellom anna i den humanitære innsatsen og utviklingsaktivitetane til FN. Noreg vil arbeide for å få større merksemd rundt dei humanitære konsekvensane ved bruk av eksplosive våpen i folkesette område.

Noreg vil halde fram engasjementet for ei verd utan kjernevåpen. Ikkje-spreiingsavtalen (NPT) er den internasjonale ramma for dette arbeidet. Vi vil aktivt fremje dei tre pilarane under NPT: ikkje-spreiing, nedrusting og fredeleg bruk. Noreg vil arbeide for effektive tiltak for å fremje nedrusting og ikkje-spreiing, og framheve støtte til Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA), verifikasjon av nedrusting og det humanitære perspektivet slik det kom til uttrykk gjennom Oslo-konferansen om humanitære konsekvensar av kjernefysiske sprengingar. Noreg vil vidare sikre ei breiast mogleg oppslutning om kjemivåpenkonvensjonen og biologivåpenkonvensjonen.

Valdeleg ekstremisme og terrorisme

Noreg vil arbeide for at FN skal møte globale tryggingsutfordringar som terrorisme, organisert kriminalitet, trugsmål i det digitale rommet og piratverksemad på ein mest mogleg offensiv måte.

Noreg vil støtte aktivt opp om tiltak mot valdeleg ekstremisme og terrorisme, særleg i samband med toppmøtet om valdeleg ekstremisme og kampen mot ISIL som Obama inviterer til. Målet er å styrke innsatsen mot ISIL. ISIL må nedkjempast gjennom å stanse flaumen av framandkrigarrar, strupe finansieringa, konfrontere propagandaen deira meir effektivt og møte aktivitetane deira på sosiale medium. Det er også eit faktum at ISIL må nedkjempast militært. Difor deltek Noreg gjennom militær kapasitetsbygging i Irak. Under møtet vil også dei underliggende sosiale, politiske og økonomiske drivkraftene bak valdeleg ekstremisme bli drøfta.

Før dette toppmøtet har Noreg arrangert ein førebuande konferanse i Oslo. Konkrete resultat frå denne konferansen var avgjerda om å skipe eit europeisk ungdomsnettverk mot valdeleg ekstremisme og eit globalt nettverk av kvinneorganisasjonar som arbeider med førebygging. Noreg spelar også ei aktiv rolle i skipinga av eit internasjonalt nettverk av «sterke byar» som gjer ein særleg innsats mot valdeleg ekstremisme på lokalt plan.

Noreg vil arbeide aktivt for å styrke FN-arbeidet mot valdeleg ekstremisme og terrorisme. Oppfølginga av stortingsmeldinga om globale tryggingsutfordringar i utanrikspolitikken ligg til grunn for den norske innsatsen på dette området. Dei globale tryggingsutfordringane skal handterast i samsvar med folkerettslege plikter og menneskerettane. For å oppnå dette treng FN ressursar og mandat.

I samband med 10-årsmarkeringa av FNs globale anti-terrorstrategi vil generalsekretæren i FN lansere ein ny handlingsplan som i større grad enn før legg vekt på førebygging av valdeleg ekstremisme. Noreg vil engasjere seg aktivt i utarbeidings- og gjennomføringa av den nye handlingsplanen.

Gjennomføringa av tryggingsrådsresolusjon 2178 (2014) om framandkrigarrar vil framleis ha høg prioritet. Noreg vil arbeide for at kjønnsdimensjonen i større grad vert reflektert i arbeidet med å førebyggje og kjempe mot valdeleg ekstremisme. Noreg vil ta del i arrangement med sikte på å identifisere tiltak for å hindre at særleg barn og ungdom vert rekrutterte til ekstremistiske organisasjonar.

Fremjing av folkeretten

Noreg skal arbeide for respekt for folkeretten og fremje ein internasjonal rettsorden.

Noreg skal halde fram engasjementet sitt for å fremje rettsstatsprinsippa, både på nasjonalt og internasjonalt nivå. Noreg vil vere open for å utvikle nye folkerettsleg bindande og politisk forpliktande instrument og standardar retta mot nye former for alvorleg og grenseoverskridande organisert kriminalitet, mellom anna miljøkriminalitet og IKT-kriminalitet.

Havretts- og fiskerispørsmål er viktige for Noreg. Dette gjeld særleg diskusjonen om vern av marint biologisk mangfald og berekraftig bruk av marine ressursar i internasjonale havområde og sikring av tilstrekkelege ressursar til kontinental-sokkelkommisjonen sitt arbeid. Arbeidet med å utarbeide eit rettsleg instrument for å sikre og regulere biodiversitet utanfor statane sin nasjonaljurisdiksjon vil bli prioritert frå norsk side.

Noreg skal arbeide for at det vert sett i verk effektive tiltak for å unngå eller stanse internasjonale brotsverk og for at personar som er ansvarlege for slike brotsverk, vert stilte til ansvar gjennom adekvate rettslege prosessar. Ei overordna målsetjing vil vere å kjempe mot straffefridom og styrke den internasjonale strafferetten. Vi vil arbeide for ei universell oppslutning om Den internasjonale straffedomstolen (ICC) og eit godt samarbeid mellom Domstolen og statspartane. Noreg har teke over formannskapet for arbeidsgruppa for regelendringar (WGA) i ICC, og skal arbeide for å betre effektiviteten og gjennomslagskrafta til Domstolen.

Arbeidet til Folkerettskommisjonen skal følgjast nøyne, særleg spørsmålet om immunitet for statstilsette og rekkjevidda av universaljurisdiksjon, men også andre tema som er relevante for utviklinga av folkeretten og for norske kjerneinteresser. Elles vil spørsmål om rekkjevidda av universaljurisdiksjon og straffansvar for FN-tilsette vere viktige tema i år.

Menneskerettar

Noreg skal vidareutvikle den leiande rolla si i det normative arbeidet til FN for å bevare og styrke respekten for menneskerettane. Noreg vil medverke aktivt til at arbeidet for å styrke menneskerettane får prioritet i all FN-verksemnd.

Arbeidet for å fremje ytringsfridom, forsamlingsfridom og mediefridom og for å kjempe mot religiøs intoleranse og hatfulle ytringar vil ha høgaste prioritet. Noreg skal leie forhandlingane

om resolusjonen om menneskerettsforsvararar, og vil arbeide for god oppslutning om ein styrkt resolusjon som tydeleg reflekterer mellom anna retten til ytringsfridom og retten til forsamlingsfridom. Vidare skal vi arbeide for å sikre deltaking frå sivilsamfunnet i FN-prosessar og bli meir involverte i arbeidet til NGO-komiteen. Trygve Lie-symposiet til hausten vil handle om sivilsamfunnet under press, ytringsfridom og forsamlingsfridom.

Som tilretteleggjarar for den toårige resolusjonen om internt fordrivne vil Noreg ha eit særleg fokus på denne gruppa gjennom hausten. Det vil bli lagt opp til å styrke vernet av og rettane til internt fordrivne, mellom anna med føringar for auka innsats frå FN i felt, både frå humanitære aktørar og utviklingsaktørar si side.

Norske representantar skal ta aktivt del i arbeidet med relevante kvinne- og likestillingsrelaterte resolusjonar, og arbeide for at likestillingsdimensionen blir integrert i alle komiteane i generalforsamlinga i FN.

Noreg vil ha ein aktiv dialog med spesialrepresentantane til FN og kjempe mot freistnader på å avgrense den uavhengige rolla og integriteten deira.

Noreg vil vere ein aktiv støttespelar for Danmark sin resolusjon om kampen mot tortur. Noreg si leiande rolle i kjernegruppa til fremjing av rettane til lesbiske, homofile, bifile, transpersonar og interseksuelle (LGBTI) skal vidareførast.

Vi skal halde fram engasjementet vårt for resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Syria.

Humanitære spørsmål

Noreg har auka den humanitære innsatsen kraftig dei siste åra som følge av dei mange store humanitære krisene, og det vert lagt opp til ein endå større auke i den humanitære bistanden neste år. Ein stor del av innsatsen vår er øyremerk flyktningkrisa i Syria og nabolanda, der samarbeidet med FN-organisasjonar er viktig. Noreg vil vere ein pådrivar for ein styrkt humanitær innsats i sårbare statar, i langvarige flyktningsituasjonar og når det gjeld førebygging og utdanning i krise- og konfliktområde.

Dei store humanitære behova har lagt eit stort press på humanitære ressursar, både i Noreg og internasjonalt. Den samla humanitære FN-appellen har aldri vore større, og halvvegs inn i 2015 er det store behov som enno ikkje er dekte. Både i omfang, tidslengd og kompleksitet har dei humanitære krisene aktualisert problemstillingar knytte til finansiering og til samspelet mellom humanitær bistand og langsiktig utvikling. Noreg

støttar arbeidet til FNs generalsekretær sitt høgnivåpanel om humanitær finansiering, som har mandat til å identifisere måtar å minske avstanden mellom aukande humanitære behov og tilgjengelege ressursar, og til å fremje løysingar knytte til tidleg og føreseieleg finansiering og ein effektiv og meir fleksibel bruk av midlane. Noreg vil vere ein pådrivar for styrkt samhandling og koordinering mellom ulike FN-aktørar, Verdsbanken og andre utviklingsbankar, særleg der dei humanitære behova er størst. Noreg vil arbeide for å auke dei humanitære løyvingane til utdanning i krise- og konfliktområde til fire prosent internasjonalt. Det må bli eit felles mål at ein million fleire barn skal få gode utdanningstilbod i krise- og konfliktområde.

Noreg vil arbeide for å sikre at oppslutninga om dei humanitære prinsippa og respekten for internasjonal humanitærrett held fram. Vern av sivile, flyktingar, internt fordrivne og utsette grupper vil ha høgaste prioritet i arbeidet, og likeins i forhandlingane om den generelle humanitære resolusjonen i Generalforsamlinga. Likestilling vil bli fremja som eit gjennomgåande tema. Vi går inn for å verne skolar og utdanning i endå sterkare grad. Noreg vil arbeide for at medlemslanda i FN forpliktar seg til at militære styrkar og aktørar lèt vere å gå til åtak på skolar i konfliktsituasjonar, og slutter seg til *Safe Schools*-fråsegna.

I oppfølginga av Sendai-rammeverket for katastrofeforebygging vil Noreg arbeide for konkrete og effektive tiltak og støtte eigeninnsatsen til land som er råka, mellom anna gjennom å fremje eit sterkare samarbeid mellom humanitære aktørar og utviklingssida. I samband med dette vil det vere viktig å sikre at katastrofeforebygging og risikohandtering står sentralt i nasjonale utviklingsplanar.

Noreg vil støtte aktivt opp om førebuingane til det humanitære toppmøtet til FN i mai 2016, mellom anna gjennom tett dialog med FN-kontoret for koordinering av humanitær innsats (OCHA), det norske sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar. Målsetjinga om eit meir effektivt og betre tilpassa humanitært system i lys av dei store humanitære behova vil krevje nytenking på fleire område, og at det humanitære system til FN får ein breiare krins av støttespelarar og samarbeidspartnarar, både blant medlemslanda i FN, nasjonale og regionale organisasjonar og den private sektoren. Noreg støttar opp om dette. Samstundes vil vi framleis prioritere humanitær innsats i konfliktituasjonar, utdanning i krise- og konfliktområde og likestilling, og medverke i drøftingane om finansielle løysingar og fleire ressursar fram mot

toppmøtet. Noreg skal vere ein støttespelar for OCHA, og samstundes halde fram med å fremje klare forventningar om ei effektiv humanitær koordinering.

Berekraftig utvikling og utviklingsaktivitetane til FN

I tråd med prioriteringane til regjeringa vil fattigdomsreduksjon, menneskerettar og berekraftig utvikling stå sentralt i arbeidet med å gjennomføre den nye utviklingsagendaen («2030-agendaen»).

Noreg vil arbeide for ein smidig overgang frå tusenårs måla til den nye, universelle agendaen for berekraftig utvikling. Noreg vil halde fram med å rette internasjonal merksemd mot dei tusenårs måla som enno ikkje er nådde.

Noreg vil aktivt peike på at alle land må ta ansvar for å prioritere si eiga utvikling for å nå dei universelle berekraftsmåla. Den norske innsatsen vil særleg vere konsentrert om å fremje utdanning, global helse, fredelege samfunn og godt styresett, rettane til kvinner og dessutan klima, naturressurs- og miljøforvalting og tilgang til berekraftig energi. Reduksjon av barnedødstal og fremjing av mødrehelse vil òg vere norske satingsområde, og det same gjeld allmenn tilgang til helsetenester.

Noreg vil byggje vidare på sluttdokumentet frå den tredje internasjonale konferansen for finansiering for utvikling, *Addis Ababa Action Agenda*. Prioriterte innsatsområde vil vere å arbeide for auka mobilisering av ressursar til berekraftig utvikling frå eit breiare spekter av kjelder, effektivisering av Generalforsamlinga og Det økonomiske og sosiale rådet (ECOSOC) sitt arbeid med den nye utviklingsagendaen, og å medverke til at FNs høgnivåforum for berekraftig utvikling (HLPF) blir eit viktig instrument for å fremje berekraftig utvikling, på grunnlag av betre kunnskap.

Noreg er ein viktig bidragsyta til utviklingsaktivitetane til FN, og vil difor arbeide for at FN leverer og dokumenterer resultat av arbeidet sitt. Noreg skal framleis gje tydelege signal om forventningar og krav til utviklingsorganisasjonane til FN. Vi skal særleg arbeide for at utviklingsystemet til FN nyttar den nye utviklingsagendaen til å effektivisere og samordne innsatsen sin på ein betre måte.

Reform av FN

Noreg arbeider for eit moderne FN som kan vise til konkrete resultat. Dette krev reformer både ved hovudkvarteret og i felt. Difor vil Noreg engasjere

seg i dei prosessane som har til føremål å styrkje og effektivisere organisasjonen, medrekna framlegget til reform av fredsoperasjonane til FN, reform på utviklingsområdet og humanitær reform.

Noreg vil halde fram innsatsen sin for at FN skal vere i stand til å opptre meir effektivt og samordna på landnivå («Eitt FN»). Dette inneber at rolla til dei lokale FN-koordinatorane må styrkjast. I sårbare statar inneber det òg at FN opptrer meir samordna på tvers av dei tre FN-pilarane fred og tryggleik, menneskerettar og utvikling/humanitært arbeid. Noreg vil bruke pågåande prosessar i ECOSOC til å få støtte for at kravet om slike reformer må nedfellast i neste rammeresolusjon om den operasjonelle verksemda til FN (som vert forhandla hausten 2016). I oppfølginga av 2030-agendaen skal Noreg arbeide for at utviklingssystemet til FN fokuserer på område der systemet har ein særleg føremon, og elles koordinerer innsatsen sin med Verdsbanken og andre multilaterale finansinstitusjonar, slik at dei samla resultata vert så gode som mogleg.

Dersom FN framleis skal vere relevant i verda i dag, må organisasjonen òg arbeide endå tettare med dei regionale organisasjonane, til dømes NATO, OSSE, EU, AU og ASEAN. Noreg vil arbeide for at FN skal medverke til å utvikle eit smidig og handlekraftig multilateralt system.

På grunn av krav om kutt i budsjettet fra store bidragsytarar er det regulære FN-budsjettet i dag under kraftig press. Noreg vil arbeide for at harde krav til innsparing ikkje må føre til at igangsette reformprosessar i utviklingssystemet til FN vert hemma, eller at einingar som får støtte over det regulære budsjettet, ikkje kan følgje opp berekraftsmåla i tråd med mandatet sitt. Vi vil arbeide for at ein større del av det regulære FN-budsjettet vert tilført menneskerettsarbeidet til FN, og vidare for ei styrkt og meir føreseieleg finansiering av konfliktløysing og førebygging og for arbeidet med sårbare statar.

Noreg vil arbeide for å motverke at medlemslanda detaljstyrer FN gjennom Generalforsamlinga. Dersom sekretariatet skal kunne oppfylle mandatet sitt på ein effektiv måte, må det ha tillit frå medlemslanda til å gjennomføre oppgåvane sine. Samstundes må sekretariatet vise seg tilliten verdig. Noreg skal jamleg vurdere ressursbruken

til FN. Vi vil arbeide for at FN skal halde fram med å fremje tiltak mot økonomisk svik, sikre ein kultur med vekt på ansvar, styrke innsatsen for tilsyn og kontroll og identifisere kor det er mogleg å spare og effektivisere utan at det går ut over kvaliteten på arbeidet.

Tverrgåande tema

Noreg skal arbeide for at kvinners rettar og likestilling vert inkludert på ein heilskapleg måte i arbeidet til FN. Eit menneskerettsperspektiv må leggjast til grunn for den norske innsatsen. Dei positive effektane av likestillinga skal framhevest, medrekna kvinnene sitt bidrag til fred, økonomisk vekst og berekraftig utvikling.

Noreg vil arbeide for at dei ambisiøse måla og tiltaka knytte til likestilling og rettane til kvinner i den nye agendaen for berekraftig utvikling, saman med forpliktingane i Beijing-fråsegna, vert gjenomførte.

Noreg vil arbeide systematisk, i alliansar med andre land, for å verne det som er oppnådd for kvinners rettar på det normative nivået, og motarbeide freistnader på å svekkje forpliktingar, særleg dei som er knytte til seksuell og reproduktiv helse og reproduktive rettar, arv og eigedom og i familien. Særlege satsingsområde vil vere utdanning for jenter, aksept for omgrepet seksuelle rettar og fremjing av kvinners politiske og økonomiske rettar og deltaking.

I samband med 15-årsmarkeringa av tryggingsrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik vil Noreg aktivt støtte opp om arbeidet for å sikre ei best mogleg gjennomføring av resolusjonen, og vil ha ein høg profil i form av sidearrangement og innlegg i den opne debatten i Tryggingsrådet. Tilsvarande vil Noreg aktivt følgje opp dei parallelle gjennomgangane når det gjeld høvesvis fredsbrygging og kvinner, fred og tryggleik (tryggingsrådsresolusjon 1325), og medverke til at tiltaka vert sett i samanheng. Kjønnsperspektivet skal inkluderast på ein tverrgåande måte i freds- og tryggingsarbeidet. Vi vil arbeide for kvinners deltaking i fredsmekling, fredsprosessar og fredsoperasjonar. Noreg vil støtte arbeidet til Generalsekretæren med auka rekruttering av kvinner til leiarstillingar i FN-systemet.

Vedlegg 2

Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 70. generalforsamling

President, eksellensar, damer og herrar

FN fyller 70 år i år. Under stiftingsmøtet i San Francisco, der FN-pakta vart utarbeidd, sa president Truman: «De som tek del i dette møtet, skal vere arkitektar for ei betre verd. Framtida vår kviljer i dykkar hender.» Og han hadde rett.

FN-pakta har vore ei god rettesnor for menneskeslekta i 70 år, trass i mange utfordringar. Av viktige milepælar kan nemnast avkolonisering, innføring av universelle menneskerettar, tusenårs mål for utvikling og færre krigar statar imellom. Men når vi no feirar desse 70 åra, finst det dessverre krefter som er på frammarsj att i form av uro, diskriminering, vald og forstyrriingar. Folkeetten, dei universelle normene og menneskerettane vert krenkte, både av statar og ikkje-statlege aktørar. Ei av følgjene er den omfattande flyktingkrisen vi no opplever, med 60 millionar menneske på flukt.

Alle statar nyt godt av ein global rettsorden der rett går føre makt. Ein av dei viktigaste reglane i den nye verdsordenen som vart skipa i 1945, er respekten for internasjonalt anerkjende grenser. Dette grunnleggjande prinsippet har vore utsett for openberre brot i Europa i dei siste par åra, og det europeiske tryggingspolitiske landskapet er vorte endra. Vi må tilbake til ein situasjon der alle statar står fast ved dei forpliktingane dei har teke på seg etter folkeretten.

President,

Dei fire mest alvorlege humanitære krisene i verda er eigentleg politiske kriser. Maktglade politikarar, væpna grupper og militære leiatarar har ignorert den vanskelege situasjonen til folket i dei landa dette gjeld: Sør-Sudan, Jemen, Syria og Irak. Når dei statlege styresmaktene ignorerer rettsstaten eller lét vere å etterleve menneskerettspliktene sine, fører det ofte til konflikt og kaos. Dei regionale og globale følgjene av desse krisene er omfattande.

I 2015 har FN gjennomført tre viktige gjennomgangar:

- av fredsoperasjoner

- av fredsbyggingsarkitekturen og
- av tryggingsrådsresolusjon 1325

Desse gjennomgangane vil vere viktige verktøy for å betre arbeidet vårt for fred, tryggleik, menneskerettar, mekling og konfliktførebygging. Vi må syte for at FN har den finansieringa og den politiske støtta som skal til for å hindre politisk utesenging og därleg styresett. Slik vil vi stå betre rusta til å hindre væpna konflikt – og dei humanitære krisene som følgjer av dette. Dei faste medlemmene av Tryggingsrådet har eit særleg ansvar. Frå norsk side oppmodar vi alle statar til å slutte seg dei framlagde åtferdsreglane som skal gje Tryggingsrådet handlekraft til å hindre massive overgrep.

Vi støttar det franske initiativet til å stanse bruken av veto i slike situasjonar. Vi kjem òg til å trappe opp innsatsen for å støtte FNs fredsbevarande styrkar og FNs konfliktførebyggjande evne.

Tilførsla av våpen til konfliktområde og mangelen på vern for sivile fører til endå meir menneskeleg liding. Avtalen om våpenhandel omfattar humanitære mål, og gjev oss eit viktig verktøy for å handtere desse problema. Generalsekretären i FN har oppmoda partane i konfliktar til å avstå frå bruken av eksplasive våpen med stor rekkevidd i område der det bur folk. Vi støttar oppmodinga hans.

På Oslo-konferansen om trygge skolar (*Safe Schools*) slutta vi oss til retningslinjene for vern av skolar og universitet mot åtak og bruk av militærmaikt i konflikt (*Guidelines for Protecting Schools and Universities from Military Use during Armed Conflict*). 49 land har alt slutta seg til fråsegna om trygge skolar. Desse landa har forplikta seg til å verne utdanning mot bruk av militærmaikt i konfliktituasjonar. Vi oppmodar andre land til å gjere det same.

President,

Vi ser framgang i Irak, og vi har håp når det gjeld Sør-Sudan. Noreg har forplikta seg til å støtte overgangsordningane for å hjelpe Sør-

Sudan ut av den sjølvdestruktive konflikten som landet er i. Krisa i Syria byrja med fredelege protestar med ønske om fridom. Protestane vart møtte med valdeleg motstand. Å fremje menneskerettane er ei av dei grunnleggjande pliktene til alle regjeringar. Flukta frå Syria i dag er ein direkte konsekvens av den valden som regjeringa har utløyst.

Konflikten i Syria har også gjort det mogleg for ekstreme terrorgrupper som ISIL å få fotfeste. No ser vi at både regjeringa og ikkje-statlege grupper som ISIL og Al Nusra-fronten utfører grufulle overgrep. Utbreiinga av desse ekstreme gruppene må stansast.

Noreg vil halde fast ved dei globale normene som reaksjon på krisa. Vi tek imot flyktninger ved grensene våre i tråd med FNs flyktningkonvensjon av 1951 og dei internasjonale menneskerettsforpliktingane våre. Vi er vortne samde om å ta imot svært mange overføringsflyktningar på FN-kvotar frå nabolanda til Syria. Vi tek del i redningsinnsatsen i Middelhavet. Alt no har vi dobla den humanitære bistanden til Syria og regionen dette året, og vi kjem til å auke støtta ytterlegare. Vi skal vere vertskap for ein gjevarkonferanse i samarbeid med Tyskland og FN. Når leiarane ikkje lukkast med å ta det grunnleggjande ansvaret, må det internasjonale samfunnet fullt ut nytte seg av dei verktøya som FN har til rådvelde.

FN har innført mange globale standardar. For 15 år sidan vedtok FN resolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik. Dette var ein banebrytande resolusjon, men gjennomføringa av han har teke altfor lang tid. I fleire av dei krigsherja byane i Syria går kvinner saman i grupper for å oppmøde til våpenkvile og evakuering. Dei utset seg for stor personleg fare ved å gjere dette. Motet deira bør inspirere oss. Vi må auke innsatsen for å gjennomføre tryggingsrådsresolusjonen om kvinner, fred og tryggleik.

President,

For 70 år sidan sette vi oss føre å utrydde ekstremisme. Kampen mot ekstremisme må halde fram, også i våre eigne land. Ekstremismen viser seg på nytt, og kjem etter ein gong til uttrykk i ulike former og skapnader. Uro, diskriminering, vald og forstyrringar dominerer ideologiane til ISIL, Al Qaida og dei ulike gruppene som er knytte til desse.

Det er avgjerande med internasjonalt samarbeid på alle nivå. I juni var Noreg vertskap for den europeiske konferansen mot valdeleg ekstremisme, der det vart lansert eit europeisk ungdomsnettverk. FNs globale anti-terrorstrategi skal

framleis vere ein hjørnestein i innsatsen vår. Vi helsar og velkommen initiativet til Generalsekretær om å utarbeide ein ny FN-handlingsplan. I tillegg vil eg gjerne framheve kor viktig det er at jenter og kvinner vert tekne med i planlegginga og gjennomføringa av innsatsen for å få slutt på valdeleg ekstremisme.

President,

Handlingsplanen for berekraftig utvikling, som nyleg vart vedteken, er eit anna døme på den viktige rolla som FN heile tida spelar. Vi veit at helse og utdanning er særskilt viktig for inkluderande vekst og arbeidsplassar.

Ebola var ein vekkjar for oss alle. Utdanning er også særskilt viktig for å løyse konfliktar og etterreise samfunn. Vi må likevel gjere noko med det store finansieringsbehovet på utdanningsområdet. Eit første steg i ei slik retning er Den internasjonale kommisjonen for finansiering av global utdanning. Kommisjonen vart kunngjord under toppmøtet om utdanning for utvikling, som nyleg vart halde i Oslo. Noreg kjem til å doble investeringa si i utdanning i perioden 2014–2017.

Berekraftig utvikling vil ikkje vere mogleg utan at menneskerettane vert respekterte. Difor er det avgjerande for FN å ha ei sterkt og bestemt menneskerettssøyle. Om vi ikkje skaffar tilstrekkeleg med finansiering til innsatsen for menneskerettane, vert det ikkje mogleg å oppnå dei resultata som vi ønskjer og treng.

FN bør ikkje sjåast på som ei kostbar ekstra-utgift, for organisasjonen tilbyr vinn-vinn-løysingar for alle medlemsstatane. Eg vil gjerne rette merksomda mot to område der dette er særleg tydeleg:

- FNs havrettskonvensjon har vorte omtala som «havets grunnlov». Konvensjonen gjev eit klart rammeverk for all verksemd i havområda. Han regulerer rettane og pliktene til dei ulike statspartane, og bør nyttast til fulle for å redusere spenningar, hindre konflikt og oppnå fredelege løysingar.
- Klimaendringane er eit faktum. Klimatoppmøtet i Paris seinare i år er den sjansen vi har til å samle oss om ansvaret og handle. Vi, medlemsstatane, må gripe denne sjansen av omsyn til framtida vår som nasjonar og som eit globalt samfunn.

President,

Vi kan bli den generasjonen som klarar å utrydde ekstrem fattigdom. Vi kan bli den generasjonen som hindrar politiske kriser i å verte humanitære kriser. Alt no er vi den første generasjonen som opplever menneskeskapte klimaendringar.

Lat oss òg bli den generasjonen som stansar klimaendringane. Lat oss bli den generasjonen som ein gong for alle kan verkeleggjere retten til utdanning for alle.

Med FN-pakta som utgangspunkt må vi tilpasse dei globale normene våre for å møte nye utfordringar. Kreftene bak uro, diskriminering, vald og forstyrringar må stansast. FN er den sentrale arenaen for å utarbeide felles tiltak for å stå imot felles trugsmål. Vi må bruke denne arenaen

fullt ut dersom vi skal klare å møte dei trugsmåla vi står overfor i dag.

Frå klimaendringar til terrorisme. Vi kan syte for at FN framleis skal tene menneskeslekta godt i dei neste 70 åra. Medlemsstatane i FN kan framleis vere «arkitektar for ei betre verd», slik Truman sa det.

Takk, president.

Vedlegg 3

Oversikt over norske innlegg under FNs 70. generalforsamling

Generalforsamlinga – plenum:

- Generaldebatten. Statsminister Solberg. 30.09.15
- Møte om fred og tryggleik i høve 70-årsjubileet til FN. Utanriksminister Brende. 01.10.15
- Ad hoc-komiteen for FNs organisasjon for palestinske flyktningar (UNRWA). Ambassadør Stener. 08.10.15
- Styrking av FN-systemet. Rapport frå Generalsekretæren (A/70/357). Ambassadør Pedersen. 12.10.15
- Rapportane til dei internasjonale straffedomstolane for Rwanda, det tidlegare Jugoslavia og mekanismen for slike domstolar (ICTR, ICTY og MICT). Noreg, ved ambassadør Stener, på vegner av Norden. 13.10.15
- Nye partnarskap for Afrikas utvikling. Ambassadør Pedersen. 16.10.15
- Globalt medvit rundt tragediane til irregulære migrantar i middelhavsregionen, med særleg vekt på syriske asylsökjarar. Ambassadør Pedersen. 20.11.15
- Palestina-spørsmålet. Ambassadør Pedersen. 24.11.15
- Hav, havrett og berekraftig fiske. Noreg, ved ambassadør Pedersen, på vegner av Norden. 08.12.15

1. komité:

- Hovudinnlegg. Ambassadør Stener. 13.10.15
- Kjernevåpen. Ministerråd Sætre. 20.10.15
- Humanitære konsekvensar av kjernevåpen (L.37) – røysteforklaring. 03.11.15
- Mot ei verd fri for kjernevåpen (L.41) – røysteforklaring. 06.11.15

2. komité:

- Hovudinnlegg. Ambassadør Pedersen. 07.10.15
- Revitalisering av arbeid – arbeidsmetodar. Ministerråd Loe. 09.10.15

- Operasjonelle aktivitetar for utvikling. Ministerråd Loe. 12.10.15
- Berekraftig utvikling. Ministerråd Loe. 19.10.15
- Makroøkonomiske avgjerdsspørsmål og finansiering for utvikling. Ministerråd Loe. 27.10.15

3. komité:

- Sosial utvikling – observatørinnlegg. Ungdomsdelegatane Laugsand og Riseth. 07.10.15
- Fremjing av kvinner. Statssekretær Skogen. 14.10.15
- Rettane til barn. Ambassadør Stener. 15.10.15
- Interaktiv dialog med spesialrapportøren for rettane til urfolk. Ungdomsdelegat Riseth. 22.10.15
- Interaktiv dialog om rettane til personar med funksjonshemmning. Noreg, ved ambassaderåd Torbergsen, på vegner av Danmark og Noreg. 27.10.15
- Rapporten til FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Ambassaderåd Lyngroth. 28.10.15
- Rapporten til FNs spesialrapportør for rettane til internt fordrivne. Ambassaderåd Lyngroth. 28.10.15
- Hovudinnlegg. Ambassaderåd Torbergsen. 29.10.15
- Fremjing og vern av menneskerettane. Ambassadør Pedersen. 30.10.15
- Introduksjon av utkast til resolusjonen om internt fordrivne. Ambassaderåd Lyngroth. 05.11.15
